



VINDAFJORD KOMMUNE  
Rådhusplassen 1  
5580 ØLEN

Kontakt saksbehandlar  
Rune Lian, 51568754

## Fråsegn - kommuneplan - Vindafjord - arealdelen 2025 - 2037

Vi viser til oversending frå kommunen datert 17.02.2025 kor arealdelen til kommuneplan for Vindafjord blir sendt ut på høyring. Vi viser også til e-post av 20.03.2025 kor vi får utsett frist for å kome med høyringssvar til 15.05.2025.

---

**Vindafjord kommune har gjort eit godt arbeid med ny arealdel til kommuneplanen. Arealdelen er utarbeida med utgangspunkt i arealstrategien frå samfunnsdelen, arealrekneskap og nasjonale og regionale føringar. Kommunen har hatt fokus på planvask, og i sum reduserer forslag til ny kommuneplan nedbygginga av natur- og jordbruksareal, samanlikna med gjeldande plan. Klimagassavtrykket til ny plan er soleis også lågare enn gjeldande plan.**

Likevel er det klare utfordringar ved planforslaget, både når det gjeld nye arealendingar og arealreserven som blir vidareført. Dette gjeld både arealreserve i kommuneplan og reguleringsplan. Statsforvaltaren har derfor motsegn til manglende planvask og revurdering av eldre reguleringsplanar.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for alle arealendringar. KU er på eit overordna nivå og baserer seg på kjend kunnskap og det er ikkje gjort nye kartleggingar. Dette slår særleg uheldig ut for naturverdiar på land og i sjø kor KU ikkje legg til grunn reelle verdiar i vurderinga. Dette får den konsekvens at område blir sett av til utbygging utan at det er avklart om områda kan byggast ut. ROS-analysen er likeins overordna og generell. Den verker som ei sjekkliste med kommentarar. Vurderinga av om det er akseptabel risiko ved utbygging er upresis og naudsynte avbøtande tiltak er i fleire tilfelle ikkje definert. Statsforvaltaren har derfor motsegn til KU og ROS-analysen.

**Vi har motsegn til ein del arealendringar som kjem i direkte konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale interesser knytt til blant anna jordvern, naturverdiar, samfunnstryggleik og samordna areal- og transportplanlegging. Vi har og faglege råd til einskilde arealendringar.**



**Arealdelen har eit nytt sett med føresegner og retningslinjer. Statsforvaltaren har motsegn og faglege råd til einskilde føresegn og retningslinjer. Statsforvaltaren har også gått igjennom føresegna ut i frå eit meir lovmessig og teknisk utgangspunkt, med hensikt å gi innspel til korleis føresegnene kan blir eit betre og tydelegare styringsverktøy for kommunen.**

---

## Bakgrunn

Gjeldande arealdel for Vindafjord kommune blei vedtatt i 2017 og det er positivt at kommunen nå reviderer denne. Ein oppdatert arealdel er ein føresetnad for å styre arealbruken i kommunen i tråd med gjeldande nasjonal, regional og lokal politikk. Vindafjord kommune sin samfunnsdel blei vedtatt i 2024 og rullerast ikkje no.

## Høyringsdokumenta

Planomtalen er kortfatta, oversiktleg og konkret, og er eit godt utgangspunkt for å forstå kommunen sitt arbeid med kommuneplanen. Planomtalen kunne med fordel vore noko tydelegare på kva grep kommunen har gjort for å løyse konkrete utfordringar, strategiar og målsettingar fra samfunnsdelen. Eit døme er korleis kommunen med denne revisjon av kommuneplan har tenkt å møte den kommande demografiendringa ut i frå eit arealbruksperspektiv.

I planomtalen blir det også vist til kommunen sitt arealrekneskap, utan at det blir gjort noko nærmere refleksjonar av kva arealrekneskapet viser. At planforslaget legg opp til ein planreserve på over 3500 dekar til bustad, fritidsbustad og næring kor nærmere 1000 dekar av dette er på jordbruksareal, kunne med fordel vore adressert i ei vurdering av korleis planforslaget svarer ut nasjonale og vesentlege regionale interesser. Tilsvarande gjeld også for klima når arealreserven legg beslag på over 2800 dekar skog og 44 dekar myr.

Kommunen si kartløysing for å framstille kommuneplankartet og endringar som er gjort er svært god. Vi saknar likevel ei tydeleg kopling/referanse/namngiving for dei einskilde arealendringane i KU/ROS, planomtale og plankart.

## Vår vurdering

Med bakgrunn i dei sektorinteressa vi er satt til å ta i vare, rundskriv M-1/2025, rundskriv T-2/16 (rev. 17.02.2021), statlege planretningslinjer (SPR) for arealbruk og mobilitet, SPR for klima og energi, SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interessert i planlegginga (RPR barn) og vesentlege regionale føringer, har Statsforvaltaren følgande merknader, faglege råd og motsegner til endra arealbruk i planforslaget som er på høyring:


## Demografiendringar og berekraft

### *Demografiendringar*

Om vi ser på SSB sitt hovudalternativ for befolkningsframskriving vil Vindafjord kommune frå 2049 ha fleire innbyggjarar i aldersgruppa 75 år og eldre enn i aldersgruppa 0–15 år, sjå figur under. Talet på barn og unge i aldersgruppa 0–15 år minkar betydeleg fram til 2033, for så å halde seg nokså stabilt vidare. Den eldste aldersgruppa vil derimot i same tidsperiode ha ein jamn auke i talet. Figuren viser at Vindafjord kommune står overfor betydelege omstillingsutfordringar i tida framover, og må ta omsyn til endringane i folkesamansettinga både i tenesteplanlegginga og arealplanlegginga. Lenke til figuren: <http://www.ssb.no/statbank/sq/10110288>



14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Vindafjord, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Kommunen tek også opp dette forholdet i planomtalen. Vi kan likevel ikke sjå at det er konkret vist til korleis denne endringa skal møtast. Kanskje det mest nærliggande vil vere å tenke på lokalisering av bustadområde og næreliek til sentrumsfunksjonar slik som handel og tenester.

#### Berekraft

Rogaland fylkeskommune har utarbeida ein oversikt over korleis Rogaland og kvar einskild kommune i fylket ligg ann i forhold til å nå berekraftmåla ut i frå målbare parametrar. Tala finst på [www.rogalanditall.no](http://www.rogalanditall.no).

Generelt ligg Vindafjord på same nivå eller noko betre an enn Rogaland og landet i rangeringa. Der Vindafjord viser å ha utfordringar er lese- og reknekompetanse, likestilling med omsyn på løn, lekkasje i kommunal vassleveranse og tal bustader tilkopla reinseanlegg som oppfyller reinsekrap.



## Arealrekneskap og planvask

### Arealrekneskap

Kommunen har fått utarbeida arealrekneskap via Rogaland fylkeskommune, som tek utgangspunkt i gjeldande og ny plan og visualiserar arealføremål i tabellar, figurar og kart. Vidare blir det laga arealrekneskap over planreserve til ulike føremål i gjeldande plan og forslag til ny plan.

Arealrekneskapet viser at kommunen har gjort eit arbeid med å redusere areal til utbygging. I planomtalen blir det vist til at utbyggingsområde som har vore i kommuneplan over lang tid, men ikkje realisert eller vurderast som ikkje realistisk å realisere, er føreslått teke ut og tilbakeført til LNF-føremål. Areal til samferdsle har fått ein betydeleg auke, men inneber berre at eksisterande veg er lagt inn som samferdsleanlegg i kommuneplanen.


Arealrekneskapet viser ein antatt planreserve som ligg i forslag til ny kommuneplan og kva arealressurs denne planreserven omfattar. Sjølv om kommunen har gjort eit arbeid med å ta ut byggeområde frå gjeldande plan, er likevel planreserven til bustad, fritidsbustad og næringsverksemder på godt over 1000 dekar kvar. Arealrekneskapet viser at realisering av denne planreserven vil bygge ned totalt 977 dekar jordbruksareal. Av karbonrike areal vil planforslaget bygge ned 2863 dekar skog og 44 dekar myr.

### Planvask

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegginga skal gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. For å kunne planlegge i tråd med føremålet i lova, er der naudsynt med oppdaterte planar som tek omsyn til gjeldande føringer og kunnskap.

Regjeringa publiserer nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år, med heimel i plan- og bygningslova § 6-1. Forventningane skal følgjast opp i planlegginga hjå kommunar og fylkeskommunar, og skal vere grunnlag for statleg deltaking i planlegginga. Dei nye nasjonale forventningane frå 2023 er tydelege på at areal med viktige verdiar og funksjonar skal sikrast i planlegginga, og at kommunen skal gå igjennom sin vedtekne arealbruk for å sikre at plansystemet i naudsynt grad er oppdatert. Klima, naturmangfold, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster er trekt fram som viktige omsyn å ta i vare. Det er ein klar forventing om at kommunen skal vurdere om tidlegare vedtatt arealbruk svarer til behov i dag og i framtida. Kommunen bør ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareal som ikkje lenger er like aktuelle.

Vi får stadig auka kunnskap om naturmangfold, klima, mattriyggleik m.m. I brevet *Ta vare på matjorda* seier LMD og KDD også at det viktigaste kommunestyret kan gjere, er å sørge for at kommunen har oppdaterte planar som tek arealutfordringane på alvor. Det er gjort kartleggingar dei siste åra som





viser at kommunane har store arealreservar avsett i sine kommuneplanar, og også store areal som er regulert men ikkje bygd ut.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona har tydelege føringar for ny og eksisterande arealbruk i kommuneplanen. Følgande går fram av kapittel 7: *Ved revisjon av kommuneplanen skal kommunen vurdere eksisterende arealbruk og behovet for ny utbygging. Kommunene skal vurdere om tidligere vedtatte byggeområder i strandsonen, som ikke er utbygd, skal opprettholdes eller tas ut av kommuneplanen. Eldre reguleringsplaner som gir mulighet for utbygging i strid med retningslinjene, bør revideres eller oppheves.*

Planvask gir betre grunnlag for samfunns- og arealutvikling i tråd med ny kunnskap og gjeldande nasjonale, regionale og kommunale føringar. Det gjer også at verdifulle areal blir bevart, og sørger for ein meir robust utbygging. I tillegg gir det ein meir føreseeieleg og oversiktleg plansituasjon, både for innbyggjarar, grunneigarar og kommunen sjølv.

Statsforvaltaren har ikkje hatt moglegheit til å gå inn og vurdere alle områda som ligg inne i kommuneplan frå før, eller i reguleringsplanar. Når vi har gått gjennom dei nye arealinnspela har vi likevel fått eit inntrykk av kva som ligg i kommuneplanen allereie, og kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Vi ser at det ligg mange område med ulike føremål som tilsynelatande ikkje er realiserte. Dette gjelder særleg bustad- og fritidsbustadområde, naustføremål, næringsområde, LNF-spreidd bustad og fritids- og turistføremål. Kommunen har gjort ein jobb med å ta ut nokre areal, men framleis ligg det ein betydeleg arealreserve i forslag til ny kommuneplan slik arealrekneskapet viser. Dei nye innspela har vi gått grundig gjennom. Vi ser også at fleire av dei eksisterande byggområda med stor moglegheit vil utløyse problemstillingar som utfordrar regionale og nasjonale interesser i vesentleg grad, noko som vil gi grunnlag for motsegn.

Det er ikkje lagt inn fleire område for fritidsbustader i denne revisjonen av kommuneplanen, men det er heller ikkje gjort vurderingar av dei som ligg inne frå før. Når desse areala blir vidareført utan at dei er vurdert opp mot nye føringar, kan det fremmast forslag til reguleringsplanar som kan komme i konflikt med omsyna bak desse føringane. Statsforvaltaren kjem til å ha låg terskel for å fremme motsegn til reguleringsplanar som er i strid med viktige regionale og nasjonale interesser.

I forslag til ny kommuneplan er det gjort nærrare 200 arealendringar. Framleis er det som arealrekneskapet viser store arealreserve til bustad, fritidsbustad og næring. Kommunen har heller ikkje gjort ei vurdering av reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Kommunen har svært mange gamle og ikkje realiserte reguleringsplanar som gjennom omsynssone i plankartet har status som at dei framleis skal gjelde. Det er eit krav i plan- og bygningslova § 12-4 at når byggesøknad tek utgangspunkt i ein urealisert reguleringsplan som er meir enn 10 år, skal kommunen sjå til at planen i naudsynt grad er oppdatert. Dette blir det også vist til i rettleiar til kommuneplanens arealdel frå KDD ved bruk av omsynssone H910. Fleire av desse reguleringsplanane kan vere i konflikt med nye nasjonale og vesentlege regionale interesser i arealplanlegginga som har kome etter at reguleringsplanen blei vedtatt. Ein oppdatering vil da vise at planen ikkje kan realiserast og bør ikkje gis fortrinn i kommuneplan.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til manglande planvask og gjennomgang av eksisterande område og reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova §§ 5-4 og 12-4.



I gjennomgangen av arealendringar har vi vist til kor vi meiner manglande planvask kjem i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale interesser. Denne opplistinga er ikkje uttømmande, og vi legg til grunn at kommunen gjer ei konkret vurdering av avsette byggeområde i kommuneplanen.

### Fortettingspotensial i eksisterande næringsområde

Vindafjord har fleire store industriareal. Tre av desse er regionalt prioriterte gjennom regionalplan for grøn industri (Dommersnes, Raunes og Bergsneset). Alle blir vidareført, og fleire er også foreslått utvida. Kommunen foreslår også å leggje inn fleire nye næringsareal. Noko eksisterande areal er også foreslått tilbakeført til LNF, men kommunen er tydelege på at dei ikkje er kome i mål med arbeidet med planvask.

Fleire av dei eksisterande næringsområda i kommunen verkar til å vere lågt utnytta. Likevel blir det lagt ut nytt areal, utan at det er gjort kartlegging av fortettingspotensialet i dei eksisterande områda.

Arealendringar er den største trusselen for naturmangfaldet. Nedbygging er også den arealbruksendringa som gir størst utslepp av klimagassar. I tråd med auka kunnskapsgrunnlag er fokuset på natur og klima i arealplanlegginga blitt skjerpa betydeleg dei siste åra. Som det går fram av dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging punkt 34, skal kommunane legge til rette for næringsareal, men dette skal skje med minst mogleg negativ konsekvens for klima, miljø og samfunn.

For at Noreg skal oppfylle natur- og klimamåla, må kommunane bruke planverktøya til å hindre nedbygging av natur og karbonrike areal. Dette inneber blant anna å ta i bruk moglegheitene for fortetting og transformasjon av areal som allereie er tatt i bruk, før viktige natur- og friluftsareal og karbonrike areal blir omdisponerte. Dette går tydeleg fram av dei nasjonale forventningane. Dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet er også klare på at fortetting og transformasjon skal vurderast, før ein vurderer å ta i bruk nye områder. Dette gjeld både områder med jordbruksareal og områder som er viktige for naturmangfald og friluftsliv, og karbonrike areal. Også dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona er klare på at kommunen ved revisjon av kommuneplanen, skal vurdere eksisterande arealbruk og behov for utbygging.

Som det går fram av dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet, skal utbyggingsmønsteret samordnast slik at ein oppnår løysningar som er arealeffektive, avgrensar transportbehovet og legg til rette for kollektivtransport, sykkel og gonge. Å leggje opp til fleire, stykkevisе næringsområde som i stor grad vil vere bilbaserte, vil ikkje bidra til å bygge opp under målsettingar om redusert transportbehov.

Å opne for store næringsareal utanom dei regionalt prioriterte områda, bidrar også til å svekke regionalplanen som styringsverktøy.

Med bakgrunn i regionale og nasjonale føringar knytt til lokalisering av næringsareal, nedbygging av natur og karbonrike areal, og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til manglande kartlegging av fortettingspotensialet i eksisterande næringsområde.

Statsforvaltaren fremmer også individuelle motsegn til fleire av næringsområda som er nærmare omtalt under.



## Naustområde

Det går fram av planomtalen at det i gjeldande KPA ligg fleire naustområde som ikkje kan realiserast utan å vere i strid med føreseggnene som gjeld utbygging i slike område, eksempelvis der tiltaka krev utfylling i sjø eller bygging på strand. Kommunen viser til at det har vore krevjande å få godkjend fleire reguleringsplanar dei siste åra på grunn av påverknad på miljøverdiar. Alle naustområda i KPA er vurderte i planprosessen og justerte i høve til gjeldande føresegner. I nokre av naustområda er det framleis rom for fortetting og nokre nye innspele er føreslått. Kommunen har vurdert dette som tilstrekkeleg for å møte behovet for bygging av naust fram mot neste kommuneplanrevisjon.


Statsforvaltaren vil først understreke at det er bra at kommunen har vurdert naustområda, og vi ser at det er tilbakeført areal i fleire naustområde. Å ha areal i KPA til utbyggingsføremål som ikkje kan realiserast, anten fordi dei er i strid med kommunen sine eigne føresegner eller nasjonale interesser, er verken kommunen, grunneigarar eller strandsoneverdiane tent med. Dette skapar forventningar som ikkje kan oppfyllast, og auka press på areal som allereie er under sterkt press.

Når det er sagt, så ser vi i vår gjennomgang av forslaga i kommuneplanen at det framleis ligg inne areal som vil kunne vere konfliktfulle å realisere. Som eit eksempel viser vi til naustområde N13 i Vikebygd. Her er det gjennomført planvask ved å ta ut areal på begge sider av det avsette naustområdet, men det ligg framleis inne eit strekk på om lag 130 meter, der det berre står 2-3 naust i dag. Det er dermed stort potensiale for ytterlegare utbygging. Området grensar til fulldyrka jord, og vi kan frå flyfoto ikkje sjå at det er skikkeleg tilkomst til området i dag. Tilkomst til området vil sannsynlegvis måtte gå over fulldyrka jord, noko som verken vil vere i tråd med kommunen sine eigne føresegner, eller nasjonale interesser knytt til eit skjerpa jordvern. Vidare er området grunt, og ligg nært eit elvedelta. Slike område har stor verdi for naturmangfaldet. Det er gjort ei rekke inngrep i desse grunne områda allereie. Å gjere ytterlegare inngrep her vil vere konfliktfylt.

I føreseggnene er det lista opp ei rekke naustområde der det ikkje skal være krav om detaljregulering. N13 er eit slikt område, der det kan byggast opp til fem nye naust utan reguleringsplan. I sakar som gjeld fortetting av eitt eller to naust mellom andre naust, i område som er tilnærma ferdig utbygd, vil konfliktnivået sannsynlegvis vere lågt, og mykje av infrastrukturen vere på plass. Her har ein gjerne ikkje trøng for ein reguleringsplan for å avklare arealbruken. For område som anten ikkje er bygde ut, eller det det er stort fortettingspotensiale, vil ein reguleringsplan derimot vere viktig for å sikre ei heilskapleg planlegging og avklaring av arealbruken i strandsona. Dette både av omsyn til utnytting av areala, og dei naturlege høva på staden (landskap, natur, friluftsinteresser med meir).

Vi ser også at kommunen har tatt ut areal mellom eksisterande naust og forslag om nye tiltak, sannsynlegvis å bøte på ulempene ved det nye tiltaket. N34/N35 i Grunnevågen på Bjoa er eit døme. Her er det lagt opp til ei enkelttomt for naust, eit godt stykke frå dei allereie etablerte nausta. Samla sett blir det mindre areal til utbyggingsføremål, men større grad av fragmentering av strandsona. Ei betre løysning ville vore å sette opp naustet i tilknyting dei eksisterande, og tilbakeført resten. Då vil vi også unngå at mellomrommet mellom nausta blir sett på som areal til fortetting i framtida.

Vidare registrerer vi at fleire av innspela inneber omdisponering av enkelttomter, nokon av dei meir eller mindre utan tilknyting til bygde område. Slik frimerkeplanlegging bidrar først og fremst til å



for  
ny



fragmentere strandsona. Slike enkeltomter utløyser ofte også ei rekke andre inngrep, som ofte ikkje inngår i dei opphavelege forslaga, slik som til dømes vegar ned til enkelnaust, moloar/bølgjevern og så vidare. Arealbruken blir også i stor grad avgjort på grunnlag av eigedomsstruktur, og ikkje ei overordna og langsiktig planlegging.

Det finst mange frådelte tomter i strandsona som i si tid vart frådelte med tanke på etablering av naust. Strandsonevernet vart skjerpa inn betydeleg med ny plan- og bygningslov av 2008, og føresetnadene er nokon heilt andre i dag enn det dei antakeleg var då fleire av desse tomtene blei delt i frå. I dag er mange av desse områda omfatta av byggeforbod, og det er gitt klare retningslinjer om overordna planlegging, samling av inngrep og felles løysningar.

Vi ser også at kommunen har lagt ut nye områder for naust, med etterhald om at det ikkje kan gjerast inngrep i sjøen på grunn av marine naturverdiar. Naust er bygg for oppbevaring av båt og utstyr, og dersom tilhøva på staden ikkje tilseier at ein kan nytte bygga slik dei er tiltenkt, så bør ein heller ikkje omdisponere områda. Det kan også vere vanskeleg å følgje opp slike føresetnader seinare.

Statsforvaltaren saknar at kommunen gjer ei faktisk overordna vurdering av naust i kommunen, i tråd med dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona.

Av omsyn til heilskapleg planlegging og avklaring av arealbruk i strandsona, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til unntak frå plankrav for områda vist til i tabell under føreseggn 2.1.4 Naust. Unntak frå plankrav må eventuelt avgrensast til å omfatte ei fortetting av 1-2 naust, mellom eksisterande naust, i område der infrastrukturen er på plass og ei fortetting ikkje vil kunne seiast å kome i konflikt med omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8.

Vi oppmodar også kommunen til å ta ei ny vurdering av naustområda som er vidareført og lagt inn, opp mot kommunen sine eigne føresegner og statleg planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Statsforvaltaren vil ha låg terskel for å fremme motsegn eller klage i sakar der ein har vidareført areal i strandsona som er konfliktfylt å bygge ut.

### Konsekvensutgreiing (KU)

Det er gjennomført KU for dei aller fleste arealendringar. Arealendringar som ikkje er blitt konsekvensutgreia er endringar frå «meir til mindre» slik som til dømes frå bustad til LNF-føremål.

Konsekvensutgreiinga kan i hovudsak sjå ut til å vere ein skrivebordsøving kor det er lagt til grunn eksisterande registreringar i kart og databasar. For dei fleste tema er dette tilstrekkeleg fordi det er eit godt tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag.

Når det kjem til konsekvensar for naturmangfold er derimot kunnskapsgrunnlaget ofte svakt eller fråverande, fordi det ikkje er gjort noko form for kartlegging av naturtypar eller artar. Når eit område ikkje er angitt med naturverdiar *kan* dette skuldast at kartlegging har konkludert med at det ikkje er naturverdiar innanfor området, men som oftast er ikkje areala kartlagt. Det føreligg då ikkje kunnskap om det er naturverdiar innanfor området eller ikkje.

I Vindafjord er det generelt gjort få kartleggingar av natur, og kunnskapsgrunnlaget må reknast for å vere därleg. Dette er også fanga opp i KU og for svært mange arealendringar blir det i KU skrive at «det er ikkje gjort naturtypekartlegging i området, og det er ingen registreringar av artar i innspselsområdet». I vurderinga av verknader for naturmangfold blir konsekvensen som regel



«svak/middels negativ konsekvens» når kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg. I mange tilfelle er dette greitt når vi med dette kunnskapsgrunnlaget også ser på kva type areal som blir forslått utbygd. Til dømes vil eit fulldyrka areal som regel ha lågt potensial for å inneha viktige naturverdiar.

Det er i KU likevel fleire arealendringar kor vi meiner at arealet som blir foreslått utbygd har potensiale for å inneha viktige naturverdiar. Vi har fremma motsegn til arealendringa ut i frå manglande kunnskapsgrunnlag for naturverdiar der vi meiner kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg for å kunne gjere ei vurdering av konsekvensar for naturverdiar og det er potensiale for at naturverdiar av nasjonal eller vesentleg regional interesse kan bli råka.

Vi viser i denne samanhengen til kapittel 5 i forskrift om konsekvensutgreiing og § 17 i same forskrift som angir krav til kunnskapsgrunnlag i samband med KU, kor det blant anna står følgjande:

*«Konsekvensutredningen skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengelig informasjon. Hvis det mangler informasjon om viktige forhold, skal slik informasjon innhentes.*

*Utredninger og feltundersøkelser skal følge anerkjent metodikk og utføres av personer med relevant faglig kompetanse.»*

## Samfunnstryggleik og beredskap

### Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

ROS-analysen er oversiktleg og strukturert, men det er svakheiter både på innhald og i analysedelen. Vi saknar at det kjem fram korleis vurderingar frå kommunen sin heilskaplege ROS-analyse (2021) viser igjen i kommuneplan-ROS. Det gjeld eksempelvis skogbrann, som blir vurdert som nokså uaktuelt for alle områda i kommuneplan-ROS, mens i HROS blir det vurdert til «middels sannsyn pr år».

Det er gjort greie for ulike risiko- og sårbarheitsvurderingar i dokumentasjonen, men det er i for stor grad ei fareidentifisering, der vurderinga av om arealet er eigna for formålet er mindre tydeleg.

Klimaendringar og usikkerheita det inneber er ikkje tydeleg adressert i ROS-analysen. Det vil kunne ha stor påverknad på t.d. avrenning/overvatn og på brannfare. Dersom det berre blir brukt aktsemdeskart for flaum som grunnlag, vil ikkje dei mindre nedbørsflaumane bli fanga opp. Det går avrenningslinjer og/eller bekdedrag gjennom fleire arealinnspele, utan at det er nemnd i ROS-analysen. Fleire stader bør også arealavgrensinga tilpassast betre til omsyn til risiko og sårbarheit. Det er viktig å ikkje bygge ned areal som har viktig funksjon som naturbaserte løysingar for flaumdemping og vassfordryging. Når det gjeld brannfare viser ikkje usikkerheita, som ved klimaendringar vil auke, igjen i grunngjevinga «Vindafjord er som regel prega av mykje nedbør store delar av året».

Mange av dei avbøtande tiltaka som er nemnde i ROS-analysen er berre oppfølging i plan. Dei avbøtande tiltaka for oppfølging er generelle, og seier ikkje tydeleg nok kva som skal til for at tiltaket kan realiserast på ein trygg nok måte. Det bør vere meir konkret kva som bør vurderast i dei enkelte innspela, og kommunen bør ta tydelegare stilling til om dei enkelte tiltaka har ein passande lokalisering. Analyse av flaumveg (nedbørsflaum, ekstremvær), fordryging, trafikksikring, krav til infrastruktur, og om skredsikring er praktisk mogleg, er ikkje konkret nok. Ein del av tiltaka ber preg av klipp og lim, medan andre er meir grundig vurderte. Nokre faretypar har blitt oversett enkelte stader. Strategiar for om/korleis kommunen planlegg for å senke trafikkfaren i kommunen er ikkje tydelege i ROS-vurderingane. Det er viktig at nye bustader blir planlagt med trygge veger for mjuke



trafikantar slik at folk, særleg born og unge, men og dei eldre som det blir fleire av, kan komme seg rundt utan bil.

Når det gjeld naust og andre tiltak i strandsona saknar vi betre vurdering om kor utsett innspela blir liggende for ver og vind, inklusive bølgepåslag. Det er viktig grunnlag for avgjerd om det er rett stad for naust, særleg no i lys av havnivåstigning og mogleg auke i ekstremvær. Det er feil at nausta konsekvent blir sett i grøn kategori for risiko, då det også for naust må vere avbøtande tiltak i form av å beregne bølgepåslag og sikre nausta opp til flaumsikker høgd for tryggleiksklasse 1 jf. TEK 17 kap. 7.2.

Under temaet kritisk infrastruktur bør det også bli sett på om det er lagt til rette for kritisk infrastruktur for tiltaket, som trygg veg, nok sløkkevatn, straum og tilkomst for naudetatar. Slike tema blir ikkje vurderte på ein systematisk måte i ROS-analysen.

Vidare ser vi ikkje at tiltak utan plankrav blir godt nok teke i vare med denne ROS-analysen. Korleis og når vil kommunen vurdere risiko og sårbarheit for fortetting og bustadklynger, som ikkje har plankrav? Nausta som skal byggast utan plankrav må og ivareta sikker nok byggegrund. Der det ikkje er krav om plan må det likevel gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse på reguleringsplannivå for å vurdere om områda har akseptabel sikkerheit.

På grunnlag av at ROS-analysen har manglar både på val av vurderingstema, på oppfølgingstiltak, og på vurderingar av korleis/kva som skal til for at tiltaket skal oppnå god nok tryggleik, har Statsforvaltaren **motsegn** til planen. ROS-analysen må i betre grad vurdere og analysere påvist risiko og sårbarheit, også utanfor planområdet. Klimaendringar som ekstremnedbør (avrenningslinjer og bekker utan flaumsonekart, nedbygging av myr/våtmark/skog med høg fordryggingsevne) og tørke/brannfare (følgje opp vurderingar ifrå Heilskapleg ROS når det gjeld skog/terringbrann, vurdere tilstrekkeleg sløkkevatn). Arealinnspela som manglar vurdering av alle aktuelle utgreiingstema i ROS-analysen må oppdaterast, og det må gjerast ei meir konkret vurdering på utsette stader om tilstrekkeleg sikring/tryggleik er praktisk mogleg.

#### *Omsynssoner for naturfare og storulykkesverksemder*

Det er gjort eit godt arbeid med å innhente kunnskapsgrunnlag og kart for vurderingar innan samfunnstryggleik og beredskap, og det er lista opp ein del kartlag som skal ligge til grunn for omsynssoner i plankartet. Vi vil gjere merksam på at kartlaget «S3\_snoskred\_Aktsomhetsområde» manglar i oversikta, og gir **fagleg råd** om at det blir teke inn.

Vi gir og **fagleg råd** om å vurdere korleis kommunen kan vise viktige flaumveger som omsynssone, til dømes basert på lokalkunnskap og kart over avrenningslinjer og lågpunkt i terrenget. I den samanheng viser vi til eit arbeid om dreneringslinjer Kartverket er i gang med, for å modellere avrenningslinjer for heile landet.

Vi ser ikkje at storulykkeverksemndene i kommunen er viste med omsynssoner. Vi gir **fagleg råd** om at det blir vurdert, samstundes som det må gjerast ei vurdering av skjermingsverdien til slike objekt. DSB ønskjer at eksplosivlagre som fell under storulykkehelforskrifta har omsynssoner, men at dei ikkje ligg synlege for ålmenta. Andre verksemder som har mykje farlege stoff eller har stort brannpotensial bør også vurderast for omsynssoner.



### Føresegner for omsynssone brann- og eksplosjonsfare

Utifra føresegnsene skal det vere ei omsynssone for brann- og eksplosjonsfare, noko som vi ikkje ser igjen i karta. Føresegns 3.1.3 er uklar, vi gir **fagleg råd** om å tydeleggjere kva omsyn som skal takast her, men samstundes utan å avsløre for mykje informasjon om kva som finst her av farlege stoff. Det gjeld særleg for eksplosivlager. Det er nyttig å informere t.d. om at det ikkje må leggjast funksjonar som inneber varig opphold her, og eller andre verksemder som inneber auka risiko eller sårbarheit.


### Vår vurdering av arealendringar i plankartet

I dette avsnittet kjem vi med tilbakemeldingar til arealendringar i plankartet.

#### Bjøa

##### *B01, Bjoafjorden, testområde fiskefarm*

Forslaget inneber omdisponering av 400 daa frå «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone» til etablering av testområde for fiskefarm i sjø. Tilhøyrande føresegns presiserer at det ikkje skal vere fisk i anlegget.



Det føreslegne området ligg i Bjoafjorden, som har moderat økologisk tilstand og dårlig kjemisk tilstand. I KU blir det vist til at fjorden har god økologisk og udefinert kjemisk tilstand, men informasjonen i Vann-nett er sannsynlegvis oppdatert etter at kommunen innhenta kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga. Vidare grensar området til den nasjonale laksefjorden Etnefjorden-Ølensfjorden, og ligg i utvandringsruta for laks frå det nasjonale laksevassdraget Etneelva. Det er også andre marine naturverdiar i området i form av gytefelt, rekefelt, korallførekomstar og tareskog med sukkertare.

I KU blir det lagt vekt på at anlegget er oppgitt som lukka eller semi-lukka, og vil ha vesentleg mindre utslepp enn eit konvensjonelt sjøanlegg. Tiltaket får derfor berre middels konsekvens for naturtema. Per dags dato har ikkje kommunen høve til å stille krav om teknologi, slik som krav om at anlegget skal vere lukka/semi-lukka. Sidan det ikkje kan setjast krav til teknologi i føresegnsene, opnar forslaget i realiteten også opp for eit ope oppdrettsanlegg, like utanfor ein nasjonal laksefjord, midt i utvandringsruta frå Etneelva som er eit nasjonalt laksevassdrag.

Vassforskrifta slår fast at tilstanden i vatn skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand (vassforskrifta §§ 4-6). Vassforskrifta har derfor eit generelt forbod mot forringing. Ny arealbruk eller inngrep som medfører forringing kan i utgangspunktet ikkje tillatast. Dersom planforslaget medfører forringing, kan krava i vassforskrifta §§ 4-7 berre fråvikast på strenge vilkår i



tråd med vassforskrifta § 12. I KU går det fram at samla belasting på vassmiljøet blir vurdert å auke ved å tillate eit nytt område for akvakultur i sjø.

Anlegget bli liggande nært Romsa, den einaste øygruppa i Vindafjord kommune. Sjølve Romsøyene er eit statleg sikra friluftsområde, og øyane med tilhøyrande sjøområde rundt er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde. Området er eit av dei mest populære båtfartsområda i regionen. Forslaget vil få negative konsekvensar for både landskapet i området og bruken av det svært viktige friluftsområdet. Delar av Romsøyane er også verna etter naturmangfaldlova. Anlegget vil medføre økt båttrafikk og støy. Dette vil kunne få konsekvensar for fuglane som nytta områda rundt, slik som lomvi (kritisk trua) og andre alkefugl, ærfugl (sårbar) og havelle (nær trua).

Vi kan ikkje sjå at det er gjennomført ROS-analyse for forslaget. Konsekvensar knytt til risiko- og sårbarheit er derfor ikkje gjort greie for. Som eit eksempel ligg det eit skytefelt i Kvinnherad kommune som ikkje er vurdert, rundt 1,5 km unna anlegget.

Jf. vassforskrifta § 12, plan- og bygningslova §§ 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til B01 - Testområde fiskefarm. Behov for testing av utstyr bør styrast til område med eksisterande infrastruktur.

#### B02, Utbjoa Vedvika, frå LNF til turist- og reiselivsføremål

Innspelet inneber omdisponering av 7,6 daa parkbelte/friområde med omsynssone friluftsliv (KPA).



Området er regulert til skogbruk og friområde. Bakgrunnen for innspelet er ynskje om mikrohytter/tretopphytter/glamping for turisme. I KU går det fram at innspelet slår svært negativt ut på tema naturmangfold grunna registrerte naturverdiar i nærområdet. Det er ikkje tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfold i tiltaksområdet, og kartlegging må gjennomførast. Vidare slår tiltaket noko negativt ut på friluftsliv-strandsone/skogbruk. Omfang av tiltak gir vesentleg påverknad. Tiltaket bygger opp om satsinga på reiseliv. Innspelet blir derfor tilrådd tatt med vidare, med føresegner som sikrar krav til naturkartlegging.

Området grensar til Vedvika naturreservat. Naturverdiane innanfor verneområdet er skildra slik i miljødirektoratet sin naturbase:

«Vedvika er eit lite naturreservat mellom Vedvika og Bjoavegen i Vindafjord kommune. Ned mot stranda går verneområdet over i eit statleg sikra friluftsareal (FS00001541). Bergrunnen er fyllitisk noko som gir opphav til ein rik flora. Skogmessig er det ein dominans av boreale treslag men der førekjem også hassel



svartor og ask. Vegetasjonen på bakken høyrar til blåbærskogmark og høgstaudeskogsmark mot bekkedraget. Dei store naturverdiar i dette område er knyttet til boreonemoral regnskog, dvs. skog med svært høg og jamn lufråme, og det er registrert gode førekommstar av fleire svært sjeldne arter på trea i denne skogen. Deriblant gul buktkrinslav, kystschriftlav, skoddelav, og det einaste funnet i skandinavia av *Hypotrachyna aff. tayloriensis*. Denne skogen er svært sårbar for inngrep som kan påverke fuktforholda.»

Som det går fram her, er skogen svært sårbar for inngrep som kan påverke fuktforholda. Sjølv om tiltaksområdet ligg utanfor vernegrensa, vil fjerning av skog og vegetasjon kunne påverke fuktforholda inni sjølve verneområdet. Dersom ei verksemd/tiltak som krev løyve etter anna lovverk (til dømes plan- og bygningslova), kan innverke på verneverdiane i eit område, så skal omsynet til desse verneverdiane leggast vekt på i vurderinga av om løyve kan bli gitt. Dette går fram av naturmangfaldlova (nml.) § 49.

Områder ligg både innanfor 100-metersbeltet langs sjø og nært det statleg sikra friluftsområde Vedvika. Som det går fram av vurderinga i KU, vil kommersiell utleige kunne medføre privatisering av området samanlikna med i dag. Friluftsområdet vil kunne oppleve ei intensivering av bruken, frå brukarar som er i området over tid, og nyttar området på ein annan måte enn i dag. Dette vil kunne få negative konsekvensar for eit område som skal vere sikra som eit ålment gode. Innspelet vil også medføre inngrep i ein skog svært høg bonitet, noko som vil medføre negative klimakonsekvensar.

Tiltaket vil kunne medføre negative konsekvensar for verneverdiane i Vedvika naturreservat, og bidra til privatisering av eit statleg sikra friluftsområde. Jf. plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til omdisponeringa.

#### *B03, Innbjoa, frå LNF til næring*

Arealendringa gjeld utviding av eit eksisterande næringsområde på Innbjøa med om lag 9,5 dekar. I samband med arealendringa blir eit eksisterande næringsområde tilbakeført til LNF-føremål.

Området for nytt næringsareal er relativt bratt og det er høgdeforskjell på 25 meter mellom veg og sørleg avgrensing av næringsområdet. Dersom heile området skal planerast vil dette innebere eit stort terrenginngrep og høg fjellskjering. Dette vil gi store landskapsverknader i eit relativt opent terrenget. Vi viser i denne samanhengen til at det i KU er vurdert at arealendringa vil kunne gi middels negativ verknad for landskap. Vi har **fagleg råd** om at det i kommuneplan gis føresegns om at det i reguléringsplan må sikrast avbøtande tiltak for landskapsverknadar ved til dømes terrassering og vegetasjonsskjerm.

Skogen som ligg nordvendt og har potensiale til å utvikle seg til boreonemoral regnskog. Dette må tas med i utgreiing av konsekvensar ved eventuell seinare regulering av området.

Det går også drenering/bekk gjennom området og inngrep kan ha negativ påverknad på avrenninga nedstraums. Det må gis nok plass til vatnet for fordryging med naturbaserte løysingar. Vi har **fagleg råd** om at dette må bli sikra i plan.

#### *B04, Innbjøa, frå LNF til masseuttak*


Arealendringa gjeld utviding av eit eksisterande masseuttak i tråd med korleis området er tatt i bruk til masseuttak. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre noko godkjenning av eksisterande masseuttak eller utvidinga i området. Det kan også sjå ut til at kommune ikkje har fanga opp heile området som blir



nytta til masseuttak. Vi legg til grunn at kommunen ser til at heile masseuttaket med tilhøyrande masselager får naudsynt konsekvensutgreiing og avklaring etter plan- og bygningslova.

#### B06, Apalvik, frå LNF til bustad

Arealendringa inneber å endre arealføremålet på eit areal på om lag 73 dekar frå LNF-føremål til bustadføremål.



Kommunen viser til at det aktuelle området har ein del bustader og fritidsbustader i dag, og ved å endre arealføremålet til bustadføremål vil dette gjere søknadsprosessar for endring på bustad og fortetting lettare. Kommunen peikar også på at området ligg i gangavstand til barnehage og skule med trygg skuleveg.

Som kommunen viser til er det ikkje venta at det vil vere trong for mange nye bustader på Bjoa i den komande planperioden. Det er framleis ledig bustadareal i Hjartåkerfeltet, samt i Apalviklia og Buevegen. Det er også eit større ledig areal (K4) rett ved skuleområdet avsett til kombinert føremål næring/forretning/bustad. Det offentlege skuletilbodet på Bjoa er vedtatt lagt ned. Nærleik til skule kan derfor ikkje brukast som eit argument for bustadbygging i området. Dette gjeld sjølv om det skulle kome private drivrarar av skulen, då dette ikkje nødvendigvis er eit allment tilgjengeleg tilbod.

Vi er dels samde i kommunen si omtale av området. I halve området (nord-vest) er relativt fragmentert med bustad- og fritidseigedomar, men har framleis plass til å bli fortutta med fleire bustader. Den sør-austlege delen er i hovudsak samanhengande jordbruksareal med om lag 9 dekar fulldyrka jord og 12 dekar innmarksbeite, jf. AR5, som blir nytta til jordbruk i dag.

Med utgangspunkt i at det er ein god arealreserve for bustader generelt på Bjoa og at det framleis er eit fortettingsmoglegheiter i den nord-vestlege delen av det foreslegne arealet, kan vi ikkje sjå at det er naudsynt å sette av jordbruksareal i sør-aust til bustadføremål. Arealendringa kjem derfor i direkte konflikt med nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til jordvern.


Av omsyn til jordvern fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til den foreslegne arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen*.

Motsegna er knytt til omdisponering av jordbruksareal og Statsforvaltaren har ikkje motsegn til at kommunen endrar arealføremålet til bustad i vest og nord for Molovegen.



#### B07, Innbjoa, frå LNF til husklynge

Arealendringa inneber å endre arealføremålet på om lag 17 dekar frå LNF-føremål til bustad-husklynge. Området er i dag skog med høg bonitet og utan synlege inngrep anna enn kraftlinje i sør og vest.



Arealføremålet bustad-husklynge inneber at det kan etablerast 3-6 bustader utan plankrav på vilkår gitt i føresegn 2.1.2 (sjå eigen omtale av denne føresegna). Det vil med andre ord ikkje vere nokon følgjande planprosess med medverknad eller klagemøglegheit før det kan fremjast byggesak. Eit av vilkåra i føresegna for å kunne bygge innanfor området er at bygging ikkje vil kome i konflikt med særlege naturtilhøve (føresegn 2.1.2, b).

Området er i KU vurdert til å ha svak negativ verknad for naturressursar som følge av arealbeslag av skog med høg bonitet. Det er ikkje registrert naturverdiar innanfor området, men arealendringa vil legge beslag på karbonrike areal (skog) og urørt natur. For naturmangfold får arealendringa svak negativ konsekvens.

Når arealet blir sett av til byggeføremål i kommuneplanen skal kommunen gjere ei vurdering av arealbruken i området på eit overordna nivå. Kommunen må vurdere om arealet er egna til utbygging, eller om arealet ikkje bør byggast ut som følge av konflikt mot andre interesser. Som vi viser til i omtalen av KU og kunnskapsgrunnlaget over, har ikkje kommunen kunnskap om naturverdiane i området. At det ikkje er registrerte naturverdiar innanfor området betyr at området ikkje er kartlagt, og ikkje at det er mogleg å konkludere med fråvær av naturverdiar. Til det er kunnskapsgrunnlaget for mangelfullt. Med utgangspunkt i potensialet for naturverdiar innanfor området må det gjennomførast kartlegging av området etter NiN-metodikk (Naturtyper i Noreg).

Det aktuelle området består av naturskog og ein randsone mot kraftlinje og har eit potensial for å kunne inneha viktige naturtyper og-/eller artar. Når det i KU konkluderast med svak negativ konsekvens, er dette gjort ut i frå manglende kunnskapsgrunnlag i eit område som har potensiale for å kunne innehalde viktige naturverdiar.

Vi viser elles til kva vi tidlegare har skrive om bustadbehovet på Bjoa og kan ikkje sjå at det er eit direkte behov for å legge til rette for nye bustader i dette området. Ei utbygging her vil og fragmentere eit større og samanhengande skogsområde. Kommunen bør prioritere å bruke arealreserven i eksisterande område først.

Med bakgrunn i at området kan inneha viktige naturverdiar og manglende arealbehov fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til den føreslegne endringa av arealføremål. Kunnskapsgrunnlaget i KU er



ikkje tilstrekkeleg til å avklare om utbygging vil kome i konflikt med viktige naturverdiar. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltningas motsegnspraktis.*

*B08, Innbjoa, frå LNF til bustad*

Arealendringa legg opp til ei utviding av eksisterande bustadfelt i Buavegen med eit felt merka som arealkategorien «husklynge». Etter føresegna i kommuneplanen kan det førast opp 3-6 bustader innanfor feltet.



Husklynga er foreslått etablert på eit skogkledd areal i randsona mot jordbruksareal. I KU får arealendringa middels negativ konsekvens som følgje av at kunnskapsgrunnlaget for naturverdiar i området er mangefull. Som vi kommenterer over er det ein generell svakheit ved KU at det ikkje er gjort ei kartlegging i område kor kunnskapsgrunnlaget er svakt.

Ut i frå flyfoto og Google sine vegbilete er det tydeleg at det er naturverdiar i området, med store tre og fleire større eiketre som kan sjå ut til å vere hole eiker. Hole eiker er ein utvald naturtype. Det er derfor ein stor moglegheit for at det er betydelege naturverdiar innanfor området som vil bli negativt påverka som følgje av utbygginga som arealendringa legg opp til.

Med bakgrunn i at området kan inneha viktige naturverdiar og med stor moglegheit for førekommst av utvald naturtype, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til den føreslegne endringa av arealføremål. Kunnskapsgrunnlaget i KU er ikkje tilstrekkeleg til å avklare om utbygging vil kome i konflikt med viktige naturverdiar. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltningas motsegnspraktis.*

*B10, Grunnavåg nord, frå LNF til naust*

Det er foreslått omdisponert 0,25 daa frå LNF-føremål til naustføremål.



I KU er innspelet ikkje tilrådd å ta med vidare i planen, på bakgrunn av at forslaget vil medføre terrengeinngrep og beslaglegging av urørt strandsone. Kommunedirektøren har likevel avgjort at innspelet skal leggast på høyring.

Statsforvaltaren støttar den opphavelige vurderinga gjort i KU. Eit naust på den foreslegne staden kan ikkje seiast å vere i tråd med dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona om å samle tiltak. Her vil ein i staden for spreie dei ut over eit større område enn det som ligg inne i kommuneplanen i dag. Som det går fram av KU er det ikkje tilkomst til området i dag, og behov for anleggsveg/tilkomstveg til naustet vil medføre ytterlegare inngrep.

Det blir vist til at det som kompensasjon er foreslått å ta ut delar av avsett naustområde lengre sør. Dette området ligg i tilknyting til dei nausta som allereie er etablerte. Av omsyn til strandsoneverdiane ville det vore mindre konfliktfylt å la det stå igjen eit areal til ei nausttomt her, enn der som no er foreslått. Det er også avsett areal og etablert anlegg til båt på andre sida av Grunnevågen. Behov for oppbevaring av båt bør fortrinnsvis løysast her.

Jamfør plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til B10 – Grunnavåg nord.

#### B11, Innbjøa Steinslandsberget, frå LNF til naust

Det er foreslått omdisponert 80 m<sup>2</sup> frå LNF-føremål til naustføremål. Kommunen foreslår dette som erstatning for naustområde nordvest for innspelet, som blir redusert med 60 meter.



Som vi har vist til i vår tilbakemelding til liknande innspel over, kan ikkje eit naust på den foreslegne staden seiast å vere i tråd med dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona om å samle tiltak. Dette vil i staden for spreie tiltak ut over eit større område enn det som ligg inne i kommuneplanen i dag.



Jamfør plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og T-2/16 Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til B11 – Steinslandsberget.

B14, Saltnes Utbjoa, oppretthalde næringsområde



Det er foreslått omdisponert 30 daa frå LNF-føremål til næring ved Saltnes på Utbjoa. Det aktuelle området er regulert i ein eldre reguleringsplan frå 1980-talet. Store delar av det regulerte arealet blei tatt ut ved sist revisjon av arealdelen i 2017. Forslaget er lagt på høyring etter vedtak i formannskapet.

Forslaget vil legge beslag på eit større, urørt areal beståande av skog med høg bonitet. Tilgrensande område blei i 2008 kartlagt som gammal boreal lauvskog utforma som fuktig kystskog. Av faktaarket i naturbase går det fram at «*lokositeten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han er ein velutvikla regnskog som er veksestad for ein svært sjeldan art i kategori sterkt truga på raudlista, og som dessutan har uvanleg store bestandar av hovudskoddelav, og dessutan fleire andre kravfulle oseaniske artar. Miljøet er sjeldan og sterkt truga*». Registreringa er av eldre dato, og stoppar rett ved planavgrensinga til planen frå 1980. Det er uklart kva som er bakgrunnen for kvifor registreringa stoppar slik. Uansett er ikkje tiltaksområdet kartlagt i nyare tid, og kunnskapsgrunnlaget er avgrensa. Området består av naturskog etablert før 1940. Området ligg også nært Vedvika naturreservat, eit vestnorsk regnskoghabitat med store biologiske kvalitetar. Basert på naturverdiane i nærleiken, er det grunnlag for å tru at det kan vere potensiale for viktig natur også i tiltaksområdet.

Området består av skog med høg bonitet. Skog av høg bonitet spelar ei viktig rolle i å ta opp og binde karbon. Nedbygging er den arealbruksendringa som gir størst utslepp av klimagassar. Jf. statlege planretningslinjer for klima og energi kapittel 4.3 bokstav e, skal omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert skog, unngåast så langt som mogleg, slik at areala si evne til lagring og opptak av karbon blir oppretthalddt.

For at Noreg skal oppfylle natur- og klimamåla, må kommunane bruke planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal, slik som skog. Dette inneber blant anna å ta i bruk moglegitene for fortetting og transformasjon av areal som allereie er tatt i bruk, før viktige natur- og friluftsareal og karbonrike areal blir omdisponerte. Det er ei nasjonal forventning at fortetting og transformasjon av areal som allereie er tatt i bruk skal vurderast, før ein sett av og tek i bruk ny areal. Dette er også forankra i dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet, kapittel 3.10.




Området ligg også nært det statleg sikra friluftsområde Vedvika, og delar ligg innanfor omsynssone friluftsliv. Området ligg i sin heilskap innanfor 100-metersbeltet langs sjø, der det jf. plan- og bygningslova § 1-8 skal ta særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Som det går fram av KU, vil tiltaket gi sterkt negativ konsekvens for strandsoneverdiane i området. Det går drenering/bekk gjennom området og inngrep kan ha negativ påverknad på avrenninga nedstraums.

Området har vore regulert i 43 år utan å ha blitt bygd ut, og delar vart tilbakeført i samband med revisjon av kommuneplanen i 2017. Føringar for nedbygging av natur og karbonrike areal er skjerpa betydeleg sidan både 1982 og 2017. Å gjere om på avgjerdene fra 2017 om å tilbakeføre arealet til LNF vil ikkje vere i tråd med dagens føringar.

Forslaget kjem i konflikt med omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8, statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona og statlege planretningslinjer for klima og energi. Jf. rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis* og plan- og bygningslova §§ 1-8 og 5-4 fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til B14 – Saltnes.

#### *Innspel nr. 84, gnr. /bnr. 255/306, frå bustad til husklynge*

Innspelet gjeld endring av arealføremål frå ordinært bustadføremål til husklynge jf. føresegr 2.1.2.




Området har vore avsett til bustad gjennom ein kommuneplanperiode og det er førebels ikkje vore bygging innanfor bustadområdet. Arealet er i dag innmarksbeite (ca. 8 dekar) og skog av særskilt høg bonitet. Området har ikkje vore kartlagt for naturverdiar, men det er stor moglegheit for at det er naturverdiar innanfor området, særleg tilknyttet skogen.

Med utgangspunkt i at det er god planreserve for bustader på Bjoa i planperioden og at det er potensielle for funn av viktige naturverdiar innan for området ved NiN-kartlegging samt omsyn til jordvern, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til at planforslaget legg til rette for bustadbygging på arealet. Av omsyn til jordvern og naturverdiar må området settast av til LNF-føremål.

#### Imsland

##### *IM01, Ølmedal, frå LNF til næring*

Arealendringa inneber å endre arealføremålet frå LNF-føremål til næringsføremål på eit areal på om lag 14 dekar. Det blir vist til at eit areal på austsida av elva blir endra frå næring til LNF-føremål.



Området er i dag hovudsakeleg skog av særskilt høg bonitet. Området er ikke kartlagt med omsyn på naturverdiane og ut i frå flyfoto og vegbilete (Google Street View) er det mogleg at området har naturtypen hagemark. Hagemark som ein semi-naturleg eng er ein sårbar naturtype (VU) og har, avhengig av kartlagt kvalitet, stor eller svært stor verdi etter Miljødirektoratet sin KU-metodikk.

Området ligg langt frå større bustadområde og vil i hovudsak vere bilbasert. Ei omdisponering her vil føre til nye inngrep i eit område med elles lite bygningar. Dette bygger ikkje opp om nasjonale forventingar eller føringar for ein effektiv arealbruk og utnytting av eksisterande areal før ein legg inn nye område for utbygging.

Å sette av arealet til næringsføremål vil kunne kome i vesentleg konflikt med viktige naturverdiane av nasjonal interesse. Statsforvaltaren fremmer derfor **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltningas motsegnspraktis* og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

### Sandeid

#### *SA02, Strand, frå LNF til bustad*

Det er foreslått omdisponert 3 daa frå LNF-føremål til bustadføremål. I KU går det fram at innspelet inneber nedbygging av strandsone og store terrengeinngrep, som er dei mest negative verknadane ved innspelet. Utbyggingspotensialet er noko avgrensa grunna det bratte terrenget, og storleiken på arealet. Kommunedirektøren har tilrådd å ta med innspelet vidare.





Strandsona i området er prega av utbygging frå fylkesvegen og ned til sjøen, som stengjer for ålmenn ferdsel. Innspelet inneber nedbygging av eit strekk på 70 meter, ei av dei få opne lommene som er igjen i strandsona i området. Kommunen legg vekt på at «strandsona er likevel utilgjengeleg i dag, og tiltaket vil difor ikkje forverra situasjonen».

Som det går fram av dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona, er strandsona svært viktig for friluftsliv, rekreasjon og landskapsopplevingar. Den er ofte rik på kulturminne og viktig for staden sitt sær preg og identitet. Store delar av strekket mellom sjø og fylkesvegen i området er bygd ut med bustadhus, naust og private bryggjer. At tiltaksområdet er smalt og bratt er ikkje einstydande med at området ikkje har verdi for ålmenta, og derfor kan byggast ut. At det kan ligge naturlege, ubygde lommer igjen enkelte stader er viktig for å oppretthalde nokon av kvalitetane knytt til strandsona.

Innspelet medfører at ei utbygging seg vekk frå Sandeid sentrum, og vil slik ikkje kunne seiast å vere i tråd med prinsippet «innanfrå og ut», eller det å bygge opp under eit utbyggingsmönster som vil redusere transportbehovet.

Jf. plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til omdisponeringa.

Det går ein bekk langs arealet og under vegen. Vi kan ikkje sjå at auka flaumfare er vurdert her. Både utbygging og auka nedbør vil kunne føre til auka flaumfare, og utbygging her vil kunne auke faren for flaum og overfløyming av veg og dyrka mark oppstraums.

#### *SA03, Østbø, frå LNF til bustad*

Arealendringa inneber å endre arealføremålet på eit 36 dekar stort areal frå LNF-føremål til bustadføremål.



Området er i dag i hovudsak innmarksbeite med noko skog i sør. I sør grenser området til Grautåbekken. Kantvegetasjonen langs bekken inngår i området foreslått som bustadområde sjølv om KU legg til grunn at kantvegetasjonen blir teke i vare.

Kommunen viser i planomtalen til at Sandeid ikkje har tilstrekkeleg bustadareal for kommande kommuneplanperiode. Statsforvaltaren er samd i at det er liten arealreserve til bustad i området, og



at det kan vere behov for nytt bustadareal. Arealendringa slik det er vist inneber omdisponering og nedbygging av innmarksbeite. Beitet er likevel nesten heilt omslutta av bustader og ein naturleg utviding av bustadområdet vil vere her. Statsforvaltaren er derfor open for at delar av innmarksbeitet i nord kan omdisponerast til bustad.

Når det gjeld dei sørlegaste delane av området foreslått til bustad omfattar dette skog som er karbonrikt areal og kantvegetasjon til bekke. Vi kan ikkje sjå at det er gjort kartlegging i området med omsyn på naturverdiar, heller ikkje i kartlegginga for fylkesvegen som det blir vist til i KU. Bekken med eksisterande kantvegetasjon er viktig med omsyn på naturmangfald, og må takast i vare. Av omsyn til karbonrike areal og naturverdiar fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til deler av det føreslegne området til bustad. Dette gjeld det sørlege området med skog og vestover langs bekken. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltingas motsegnspraktis*.

Vi har også **fagleg råd** om å innskrenke arealet slik at ein unngår å bygge bustader i skredutsett område. Med eit klima i endring er det viktig å ikkje bygge seg inn i meir sårbarheit enn det vi allereie har. Ved utbygging må det sikrast at ikkje tette flater gjer slik at bustader og veg nedstraums blir meir utsett for avrenning.

#### *SA04, Sandhammar, frå LNF til næring*

Innspelet inneber omdisponering av 4,2 dekar LNF-føremål til næring. Området ligg mellom sjøen og fylkesvegen.



Området er utsett for dei fleste typar skred, og dei er ikkje alle nemnd i ROS-analysen. Det er også avrenningslinjer her, og arealet har ikkje veldig god plass til tiltak for skred, handtering av vatn, trafikk og stormflo. Arealet vil kunne bli krevjande å realisere, og vi ser ikkje kva grep kommunen ser for seg at kan gjøre arealet tilstrekkeleg sikkert.

Området ligg i sin heilskap innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Her skal det jf. plan- og bygningslova § 1-8 takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser. Forslaget vil medføre store inngrep i ein del av strandsona som er lite prega av andre tiltak i dag.


Området ligg et godt stykke frå både Sandeid og Vikedal sentrum, og ikkje i tilknyting til andre tiltak. Transport til området vil i hovudsak vere bilbasert. Plasseringa kan ikkje seiast å vere i tråd med statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, der det går fram at nye område for utbygging skal lokalisera med tanke på å minimere transportbehovet.



Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til SA04 – Sandhammar, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 5-4, 4-3 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*.

*SA05, Forehaug, frå LNF til næring*

Arealendringa legg opp til at eit område på 9 dekar endrast frå LNF-føremål til næring. Området som blir foreslått endra er eit tidlegare frådelt fellesfjøs. Fellesfjøset har gjennom midlertidig dispensasjon i 2021 blitt bruksendra til lager for landbruk, campingvogner, bubilar og båtar for fem år.



I KU blir det vurdert at innspelet bygger opp om målsettinga for kommuneplanarbeidet om å legge til rette for utviklingsmogleigheter for næringsaktørar, men vil vere negativt med omsyn på transport. Det blir lagt til grunn at det er dagens lagerverksemder som skal vidareførast, og at arealendringa derfor ikkje vil føre til noko vesentleg endring av dagen situasjon.

Å sette av arealet til næring i kommuneplanen vil føre til at området blir varig avsett til næringsformål. Næringsformål er eit relativt brent føremål som også legg til rette for arbeidsplass- og besøksintensiv verksemd. Å legge til rette for næring i dette området utan å spesifisere nærmere avgrensing vil ikkje bygge opp om arealstrategien i kommuneplanen om rett verksemd på rett plass. Arealendringa vil også gi andre interesser fortrinn i eit samanhengande landbruksområde kor landbruket skal ha priorititet.

Skredfare for jordskred og snøskred og avrenningslinjer er ikkje vurdert. Trafikksituasjonen, der tiltaket kan auke risikoene for m.a. mjuke trafikantar er heller ikkje vurdert tilstrekkeleg i ROS-analysen. Vegen treng ifølge naboinnspel oppgradering dersom det skal leggast til rette for auke i næringsrelatert trafikk.


Området ligg eit godt stykke frå Sandeid, og ikkje i tilknyting andre tiltak. Transport til området vil i hovudsak vere bilbasert. Plasseringa kan ikkje seiast å vere i tråd med statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, der det går fram at nye område for utbygging skal lokaliserast med tanke på å minimere transportbehovet.

Av omsyn til landbruksinteressene og mangefull risikoidentifisering i området fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4, statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet og § 4-3.



### SA07 Olalia - Rus, tursti

Det er foreslått etablert tursti som skal kople dagens tursti til Olalia fjellstove til Rus på Etne-sida. Det er tidlegare søkt om dispensasjon for same tursti fra Ølen idrettslag. Strekninga i Vindafjord kommune var oppgitt til å vera om lag 0,5 km. Stien blei planlagt med ei breidde på 1,5 m og med toppdekke av grus. Lengda av omsøkt veg er totalt 2,2 km, derav 1,7 km i Etne kommune i Vestland fylke. Heile strekninga ligg i LNF-område, sone 1. Statsforvaltaren rådde i frå tiltaket i to omgangar. Det blei ikkje gjort vedtak i saka i Vindafjord kommune. Vedtaket som blei gjort i Etne kommune blei påklaga av Statsforvaltaren i Vestland. I følgje oppsummeringa av innspel til kommuneplanen, er klagen trekt med vilkår om reguleringsplan. Traseen for turstien som no er foreslått samsvarar med den reviderte dispensasjonssøknaden, som vi rådde i frå.



Saka har ein lengre historikk og Statsforvaltaren kjem ikkje til å gå detaljert inn i denne her. Vi har også vore tydelege i vår tilbakemelding i regionalt planforum.

Hovudpunktet i våre fråsegn og grunnlag for fråråding har vore nasjonale forventningar knytt til å unngå nedbygging av karbonrike areal, sikre berekraftig utvikling i fjell og utmark, og omsynet til villrein. Meir konkret har dei vore knytt til inngrep i landskap og terrenget, friluftsliv, og omsynet til vassdrag og naturverdiar. Vi viser til vår innleiing i vår siste fråsegn:

*«I vårt fråsegn til saka påpeikte me at tiltaket av omsyn til natur, friluftsliv og fragmentering av natur var svært uheldig. Me ynskja å klargjere at det er tiltaket i seg sjølv som er det, ikkje berre bredda på vegen og traseen som var valt. Tiltaket må sjåast på både som eit fysisk inngrep, og samstundes at det opnast for ein utstrekkt ferdsel i eit område som til nå har låge meir skjerma. Dagens trasé går til Olalihytta og så opp til fjellet derifrå, nå blir det ein heilt ny trase i urørt terrenget. Ei introduksjon av grusa veg inn i eit urørt naturområde vil fremme ei bruk av naturen som skilja seg markant frå dei internasjonale og nasjonale føringane om å bevare urørt natur.»*

*I oversendinga argumentera forslagsstillar med at Vindafjord kommune har store areal av urørt natur som kan nyttast til friluftsliv. I følgje statistikk fra Miljødirektoratet hadde Vindafjord kommune areal med urørt natur tilsvarande 13 % av kommunens totale areal igjen i 2018. Tiltaket som man søker om her vil ikkje berre føre til eit arealbeslag, men på grunn av tiltakets plassering i eit område med innsyn frå alle kantar vil det føre til ei skjemming av opplevinga av naturen for eit mykje større areal.»*

Statsforvaltaren står ved våre tidlegare vurderinger og tilbakemeldingar i saka. I sakar som gjeld tilrettelegging for friluftsliv må ein sjå på balansen mellom tilrettelegging, bevaring og oppleving.



Vurderinga av kvar det skal leggjast opp til ekstra tilrettelegging må ta utgangspunkt i høva på staden, slik som naturverdiar, topografi og landskap. Området har allereie stor grad av tilrettelegging. Ytterlegare tilrettelegging medfører inngrep i det som i dag er nært urørt natur.

Av omsyn til naturverdiar, klima og landskap fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til forslag om tursti, jf. plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpakts*.

#### *SA08, Ilovåg frå LNF til naust*

Innspelet inneber omdisponering av 0,46 daa frå LNF-føremål til naustføremål. I KU går det fram at ytterlegare nedbygging av strandsona er uheldig, men grunna få konfliktar blir innspelet tilrådd tatt med vidare.



Eit naust på den foreslegne staden kan ikkje seiast å vere i tråd med dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona om å samle tiltak. Innspelet vil medføre at ein spreier ut inngrepa i strandsona over eit større område enn i dag, og dermed fragmenterer strandsona.

Jamfør plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpakts*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til SA08 – Ilovåg.

#### *Gnr. /bnr. 1/4 og 2/6, frå næring til LNF*

På industriområdet på Steinsland blir det foreslått å tilbakeføre jordbruks- og myrareal frå næringføremål til LNF-føremål. Vi meiner dette grepet er svært positivt av omsyn til jordbruk, klimatilpassing og naturmangfald. Det er fortsatt ein relativt stor arealreserve på Steinsland og det bør vurderast om ytterlegare areal bør endrast til LNF-føremål. Med omsyn til klima og natur er det særleg myrareala i sør-aust og nord-vest som bør vurderast å tas ut.



## Skjold

SK01 og SK02, Isvik Hageby, frå friområde til bustadføremål



Risiko for kvikkleire er utelatt i ROS-skjema, og dette må vurderast. I same område ser det fuktig ut, og bekk/dreneringslinjer må takast med i vurderingane. Det må sikrast at areal nedstraums ikkje får auka ulempe som følgje av vatn. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til manglar ved ROS-analysen.

Areala ligg delvis på myr og kan føre til auka avrenning og karbonutslepp ved nedbygging. Vi har **fagleg råd** om å ikkje bygge på myr og i lågpunkt/naturlege flaumvegar. Begge desse to tiltaka bør leggast inn i føresegne slik at ein unngår nedbygging av karbonrike og vassfordrygande areal.


SK04, Skjoldali, frå offentleg og privat tenesteyting til bustadføremål

Arealendringa inneber at eit areal på 4,6 dekar som var tiltenkt barnehage blir endra til bustadføremål slik som tilgrensande areal i Skjoldali. Barnehagen er ikkje lenger aktuell og kommunen meiner arealendringa til bustad vil bygge opp under satsingsområde «attraktive lokalsamfunn» og arealstrategien. Det aktuelle arealet er registrert som myr og skog med særskilt høg bonitet i AR5.

Kommunen skriv i planomtalen at Skjold er den bygda i Vindafjord med lågast gjennomsnittsalder, og bygda har hatt god vekst i folketalet den siste tida. Kommunen skriv samstundes at Skjold også har mykje ledig regulert bustadareal og får ytterlegare areal tilgjengeleg i Isvik som følgje av at areal under høgspentlinja blir gjort om til bustad. Det blir også vist til at i konklusjon frå sentrumsanalysen for Skjold er å arbeide med sentrums- og tettstadsutvikling.

Det er stor regulert og uregulert bustadreserve i Skjold, og eit fortettingspotensial i utbygde område. Å legge til rette for ytterlegare bustadbygging i området mellom Isvik hageby og Skjoldali på areal tiltenkt barnehage, og tilgrensande areal avsett til bustad, vil utvide bustadområda inn i eit nytt område. Sjølv om arealet ligg nært opp til bustadområda i Skjold vil desse områda ikkje bygge opp om ei kompakt og effektiv arealutnytting eller sentrumsområda i Skjold og Isvik, og kjem dermed i konflikt med føringer i statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet.

Areala består også av karbonrike areal som myr og skog av høg bonitet, og legg beslag på 6 dekar fulldyrka jord og 17 dekar innmarksbeite.






Med omsyn til effektiv arealutnytting, klima, natur og jordvern fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til den føreslegne arealendringa og at kommunen ikkje har tatt ut areal til bustad på tilgrensande areal og tilbakefører dette til LNF-føremål. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4, statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen*.

*SK05, Haraldseidvågen, fra LNF-føremål m.m. til kombinerte føremål*

Forslaget inneber omdisponering frå LNF-føremål, næring, bustad og naust, til kombinert bygge- og anleggsføremål. Det kombinert føremålet ska omfatte bustad, fritidsbustad, tenesteyting, fritid- og turistføremål og næring. Området er 28 daa stort. Frå KU går det fram at forslaget inneber næringsverksemد knytt til turisme- og reiseliv med kulturbasert oppleving.



Området ligg i sin heilskap innanfor 100-metersbeltet langs sjøen, der det skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser. Forslaget legg beslag på eit stort område som i dag ikkje er råka av andre tiltak. Avhengig av kva som er planlagt, vil strandsona i området bli råka av tiltaket. Store delar av området er bratt terreng, og ei utbygging vil sannsynlegvis krevje inngrep i landskapet. Delar av dette området er også landbruksareal.

Som det går fram av KU er det registrert fleire raudlista fugleartar knytt til Haraldseidvågen som vil kunne bli råka av tiltaket. KU konkluderer med at samla belastning på naturmangfaldet kan bli stort. Området er lite besøkt og det er dermed få registrerte observasjonar i databasar, men basert på dei stadlege høva er området sannsynlegvis eit lokalt viktig funksjonsområde for fugl. Dette vil potensielt utgå ved auka forstyrring i området langs sjøen.


Det går fram av KU at omfanget av tiltaket ikkje er kjent utover at det er spelt inn eit stort område med ønske om ulike føremål. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til konsekvensane av forslaget. Kommunen konkluderer med at innspelet ideelt sett skulle vore redusert i sør og aust, men at dette kan avklarast i reguleringsplan. Sjølv om ein no er på overordna nivå, bør det så langt det er råd avklarast kva konsekvensar arealbruken vil få. Statsforvaltaren er einig med kommunen i at området må reduserast, men ikkje at dette er ei vurdering som kan tas seinare ved regulering av området. Det er særleg områda i sør vi vurderer som spesielt konfliktfylt.

Jf. plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til omdisponeringa. Vi ber om nærmere avklaring av omfang av tiltak og påverknad på naturmangfald. Motsegna gjeld også SK18 (småbåthamn), som må sjåast i samanheng med resten av innspela i området.



#### *SK06, Fjellheim, frå LNF til råstoffutvinning*

Arealendringa inneber å utvide eit mindre masseuttak til et relativt stort uttaksområde på 48 dekar. Det blei i si tid gitt fem år midlertidig dispensasjon til masseuttak på eit areal på 5 dekar på vilkår av at arealet skulle tilbakeførast til jordbruksareal. I ettertid har uttaket blitt større å måler i dag om lag 28 dekar utan at vi kan sjå at dette er avklara gjennom dispensasjon eller reguleringsplan.



Eksisterande uttak er avgrensa til eit slakt jordbruksareal, mens foreslått utviding mot sør ut over dagens opne areal går inn i ein høgareliggende knaus med innmarksbeite og elles eit område utan inngrep. Utvidinga mot sør-vest vil i mykke større grad enn eksisterande uttak gi negative landskapsverknader inn mot eit naturområde med kystlynghei og friluftslivsområde. Uttaket vil også vere krevjande å føre tilbake til et naturleg terren. Vi kan heller ikkje sjå at kommunen har gjort nokre vurderingar knytt til behovet for nye masseuttak i kommunen.

Samla sett vil utvidinga av masseuttaket mot sør-vest gi negative verknader for jordvern, landskap, naturverdiar og friluftsliv av ein slik tyngde at Statsforvaltaren fremjar **motsegn** til å utvide masseuttaket til ut over det arealet som i dag er opent som masseuttak.

#### *SK07 og SK08, Haraldseidvågen, frå LNF-føremål til kombinert føremål og fritids og turistføremål*

På vestsida av Haraldseidvågen, nord og sør for bruva til Øyna, blir det foreslått omdisponering frå LNF-føremål til kombinert føremål og fritids- og turistformål. Det blir vist til at dei to arealinnspela må sjåast i samanheng.



Fritids- og turistføremål (SK07) måler 3,6 dekar og skal legge til rette for å etablere utleigenaust- og rorbu og oppstillingsplass for bobil med tilhøyrande servicebygg. Føremålet ligg langs sjøen på eit



areal nytta til deponering av rydningsstein frå landbruket. Denne deponeringa kan vi ikkje sjå at er søkt om eller godkjend og vi legg til grunn at kommunen følgjer opp dette.

Kombinert føremål (SK08) måler 21 dekar og skal legge til rette for fritids- og turistføremål, kolonihage, utleige og næring. Kolonihagen skal etablerast som fleire mindre bygg for korttidsopphold, servicebygg, lager, sanitærfunksjonar og parkering. Området ligg delvis innanfor 100-metersbeltet mot sjø og vil legge beslag på 8 dekar fulldyrka jord, i tillegg til skogareal. Det er ikkje omtala kva som ligg i «utleige».

Vi er ikkje kjend med eigarforholda, men vi vil også vise til at det rett sør for SK07 og -08 ligg eit område regulert til kombinerte føremål som helsefarm. Denne planen er frå 2007 og ikkje realisert. Strandsona i Haraldseidvågen, særleg vestsida, må reknast for å være svært privatisert med mykje naust og brygger. Dei to arealinnspeala no vil bidra til å privatisere dei siste delane av strandsona i ytre delar av Haraldseidvågen.

Som kommunen skriv er Vindafjord ein kommune med mindre press på strandsona. Dette er også slik kommunen er kategorisert i Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Her kan det i kommune- og reguleringsplan vurderast å legge til rette for næring og turisme, men fortrinnsvis samlokalisert med anna utbygging og i fellesanlegg. Sjølv om arealinnspeala legg opp til næring og turisme kjem dei likevel i konflikt med dei statlege planretningslinene ved å legge opp til ytterlegare utbygging i eit område kor store delar av strandsona allereie er regulert og avsett til byggetiltak. Det er også eit stort fortettingspotensiale innanfor avsette bygeområder. Arealinnspela kjem derfor i konflikt med lokaliseringsprinsippa for tiltak i strandsona jf. planretningslinene punkt 10.3.

SK08 som gjeld kombinert føremål legg i tillegg til strandsone også beslag på 8 dekar fulldyrka jord i eit aktivt og samanhengande landbruksområde på vestsida av Haraldseidvågen. I tillegg til sjølve arealtapet, vil arealendringa føre til ytterlegare fragmentering av jordbruksareala i området, og gjere desse vanskelegare å drive rasjonelt. Andre interesser vil bli prioriterte i eit område kor landbruksinteressene gjer seg gjeldande. Vi viser i denne samanhengen også til at arealendringa utgjer 6 % av det fulldyrka jordbruksarealet i området, og er ikkje ubetydeleg for å oppretthalde landbruket i området i eit langsigttig perspektiv. Det finst alternative areal for å lokalisere byggetiltak som ikkje vil legge beslag på fulldyrka jord. Vi legg her til grunn at opparbeiding av kolonihage ikkje krev fulldyrka jord for å etablerast då mykje areal vil gå med til bygningar og internvegar.

Føremålet arealendringane legg opp til, vil også føre til auka biltrafikk og bygger ikkje opp om viktige målsettingar i statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet. Auka trafikk vil også føre til ytterlegare utfordringar med trafikktryggleik slik det blir vist til i KU.

Arealendringane kjem i direkte konflikt med omsyn til strandsone- og jordverninteressene i området. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til dei to arealendringane SK07 og SK08 i Haraldseidvågen. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4, statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege reionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen*.

#### *SK09, Liaheia, frå LNF til næring*

Arealendringa inneber å gjere om 10 dekar frå LNF-føremål til næring langs E134 på Liaheia. Arealet som blir foreslått endra til næringsføremål er i dag eit masseuttak og grenser til veg og innmarksbeite.




På Liaheia er det i dag eit stort overskot av næringsareal i kommuneplanen. Det er både areal som ikkje er utnytta og næringsområde som kan fortøftast. Vi legg til grunn at masseuttaket i utgangspunktet skal tilbakeførast til jordbruksareal etter avslutta uttak. Tilbakeføring til landbruk vil vere krevjande og etterbruk som næringsføremål kan vere ei alternativ løysing. Det vil likevel kome i konflikt med jordverninteresser å legge til ytterlegare næringsareal i dette område, når det allereie ligg inne næringsareal på 12 dekar fulldyrka jord mellom industriområde og Tveit rekneskap og rådgiving som ikkje er utnytta. Det er eit stort overskot av næringsareal i gjeldande og ny kommuneplan, og det er ikkje naudsynt å legge inn nytt næringsareal her på Liaheia utan å også ta ut eksisterande næringsareal.

Av omsyn til jordvern fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til at det ikkje er tatt ut næringsareal på fulldyrka jord på Liaheia. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen* og Statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet.

Det er i utgangspunktet ikkje naudsynt å legge til rette for nytt næringsareal i området, men etterbruk av eit masseuttak til næring framstår som ein langt betre løysing enn å ta fulldyrka jord. Vi kan akseptere å legge inn nytt næringsareal i det avslutta masseuttaket dersom næringsområde på fulldyrka jord i området blir tilbakeført til LNF-føremål.

#### *SK10, Sagi, akvakultur på land og i sjø*

Det er foreslått omdisponert 7 daa som ei utviding av dagens settefiskanlegg på Sagi. Området avsett til akvakultur i KPA er i dag fullt utbygd, og det er ønske om utviding av anlegget på sørsida av elva og/eller på sjøfylling.



Området ligg ved Skjoldafjorden, som har svært dårlig økologisk tilstand. Dette kjem av ein kombinasjon av svært grunn terskel, eksisterande utslepp frå kloakk og drift av dagens settefiskanlegg, samt tidlegare sagbruk.




Vassforskrifta slår fast at tilstanden i vatn skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekostane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand (vassforskrifta §§ 4-6). Vassforskrifta har dermed eit generelt forbod mot å forringe. Ny arealbruk eller inngrep som medfører forringing kan i utgangspunktet ikkje tillatast. Dersom planforslaget medfører at vassførekosten blir forringa, kan krava i vassforskrifta §§ 4-7 berre fråvikast på strenge vilkår i tråd med vassforskrifta § 12. Slik vi ser det, oppfyller ikkje forslaget som her er fremma vilkåra i vassforskrifta § 12.

Avgrensinga av arealformålet i kart går ut i sjø, og opnar tilsynelatande opp for utfylling i sjø. Dette vil utgjere betydeleg inngrep i landskapet og elvemunninga og øydelegg utløpsområdet til elva. Vassdraget er ikkje anadromt, men ei utfylling vil vere svært uheldig for vandringsmogleheitene for ål som vandrar opp til Svanavatnet i dag. Det er også registrert elvemusling i vassdraget. Auka vassuttak i samband med ein auka produksjon vil her kunne vere konfliktfylt. Uttak av vatn krev avklaring i ein eigen konsesjonsprosess med NVE.

Forslaget er i strid med krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet i strid med miljømåla, og vil medføre inngrep i utløpet av eit vassdrag. Dette vil medføre konsekvensar for både landskap og naturmangfold. Jf. vassforskrifta § 12, plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til SK10 – Sagi.

#### SK13, Longalandsvik, frå LNF1 til LNF spreidd næring

Arealendringa inneber å endre arealføremål frå ordinært LNF-føremål til LNF-spreidd næring.



Område for LNF-spreidd næring i sør (område 1) legg til rette for etablering av eit gardsbasert serverings- og reiselivsanlegg på garden. Det har vore ei langvarig saksgang med fleire dispensasjonssøknader knytt til denne etableringa, og Statsforvaltaren har ikkje nærmere merknadar til dette.

Når det gjeld område 2 i nord legg dette opp til nye tiltak i området. Det er ikkje heilt klart kva omdisponeringa inneber ut i frå omtalen i planforslaget, men i KU får arealinnspelet jamt over negativ verknad for landskap, strandsone, jordvern osv. Området vil også legge beslag på innmarksbeite og fulldyrka jord. Egedomen har eit relativt omfattande tun og ytterlegare gardstilpassa reiseliv og næringsverksemد i tråd med ordinært LNF-føremål bør eventuelt lokaliserast her.

Av omsyn til jordvern fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til LNF-spreidd næring område 2. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen*.



#### *SK14, Trovåg sørvest, frå LNF-føremål og bruk og vern av sjø og vassdrag til naust og småbåthamn*

Arealendringa inneber å endre føremål i sjø frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone til småbåthamn. Arealet til småbåthamna er på 1,8 dekar og ligg utanfor eit område på land som i gjeldande kommuneplan er avsett til naustformål, men ikkje regulert eller utbygd.



Det er ikkje regulert eller avsett tilkomst til naustområdet eller småbåthamna. Det blir i KU vist til at det i gjeldande kommuneplan er føresett at naustområdet skal ha tilkomst frå nord. Nord for naustområdet og småbåthamna ligg Trovåg badeplass som er registrert som eit viktig friluftslivområde med middels brukfrekvens og er regulert til felles grøntareal. Nord for grøntområdet ligg det ei rekke med naust og eit regulert småbåtanlegg.

Det aktuelle småbåtanlegget i arealinnspelet og tidlegare avsett naustområde vil bli eit nytt tiltak i eit område som i dag er eit meir eller mindre urørt naturområde. Vi kan ikkje sjå at det er knytt store samfunnsinteresser i å legge opp til nye tiltak i denne delen av Haraldeidsvågen, men finn store samfunnsinteresser i å halde denne sida av vågen urørt. Det kan sjå ut til at det framleis er ledig plass til å utvide småbåtanlegget nord for tilgrensande naustområde.

Sjølv om det er mindre press på strandsona i Vindafjord jf. statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, kjem både avsett naustområde og arealinnspelet om småbåthamn i vesentleg konflikt med strandsoneinteressene i området og lokaliseringsprinsippa for tiltak i strandsona jf. planretningslinene punkt 10.3.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til arealinnspelet om småbåthamn og at kommunen ikkje har tatt ut avsett naustområde. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

#### *SK15, Breivik, frå LNF til naust*

Arealendringa inneber å omdisponere 185 m<sup>2</sup> frå LNF-føremål til naustområde for to naust. Det går veg til området, men det er elles få tiltak i området. Å legge til rette for naust her vil difor gi nye inngrep i eit elles urørt område.



Det ligg eit regulert naustområde noko lenger nord i området, og jf. lokaliseringsprinsippa for tiltak i strandsona i statlege planretningsliner bør nye tiltak samlokaliseraast med andre tiltak for å bevare strandsona. Dette gjeld også i kommunar med mindre press på strandsona.

Av omsyn til strandsoneinteressene fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealinnspelet. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

*SK19, Sagi, frå LNF1 til LNF2*

Arealendringa inneber å endre arealføremål frå ordinært LNF-føremål til LNF-spreidd busetnad for eit areal på 33 dekar.



Det ligg eit hus innanfor området i dag som grensar til veg. Elles er området urørt og består av skog med høg bonitet og open grunnlendt fastmark. Området grenser til eit større område med LNF-spreidd busetnad i sør. Dette området er lite utbygd. I KU blir det vist til at arealendringa vil bygge opp om målsettinga å sikre varierte bustadtilbod i alle bygder, men vil ikkje bygge opp om effektiv arealutnytting i og nær tettstader.

Vi er ikkje samde i at å legge til rette for ytterlegare bustadbygging på Sagi vil bidra til å sikre eit variert bustadtilbod i Skjold-bygda. Sagi ligg 5 km frå Skjold og vegen er smal med fartsgrense 80 km/t utan gang- og sykkelveg. Å legge til rette for ytterlegare bustadbygging her vil vere bilbasert og ikkje bygge opp om Skjold som tettstad. Det må vurderast korleis arealendringa blir i forhold til trygg skuleveg og mjuke trafikantar, og om det er sløkkevatn tilgjengeleg.




Arealendringa legg opp til nytt arealinngrep. Utbygging her vil kome i konflikt med prinsippa om ein arealeffektiv utbygging som redusere transportbehov og legg opp til kollektivtransport, sykkel og gange samt unngå nedbygging av natur.

Av omsyn til samordna areal- og transportplanlegging, og unngå nye naturinngrep fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet.

*Innspel 76 og 174, Nygård, frå forretning, offentleg eller privat tenesteyting og friområde til LNF*

På Nygård i Skjold blir eit areal på austsida av ein bekke tilbakeført til LNF-føremål og kantvegetasjonen langs bekken blir verande som grönstruktur. Dette er svært positivt av omsyn til jordvern og naturverdiar knytt til vassdraget og kantvegetasjonen. Bekken med tilhøyrande kantvegetasjon har betydelege naturverdiar med ein rekke store tre og hole eiker i eit ravine-liknande bekkeområde.



Kommunen vurderer at areala på vestsida av bekken inn mot skule og idrettsanlegg ikkje skal tilbakeførast til LNF-føremål, men oppretthaldast som offentleg og privat tenesteyting. Dette fordi det er knapt med areal for parkering og trafikkareal til idrettsområdet, skule og barnehage.

Vi er ikkje samde med kommunen i at det er plassmangel til parkering eller trafikkareal. Området er allereie utbygd med internvegar og parkering til dei ulike funksjonane, og det er framleis ledig areal som ikkje er fulldyrka jord eller har betydelege naturverdiar, som kan utnyttast.

Av omsyn til jordvern og naturverdiar fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til at areal mellom idrettsområdet og bekken på Nygård ikkje blir tilbakeført til LNF-føremål. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen* og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltningas motsegnspraktis*.

*Frå næring til anna bebyggelse og anlegg, 162/12, Toraneset.*

Vi registrerer at arealføremålet er endra frå næring til anna bygnad og anlegg, med underføremål avfallsdeponering utan at det er kommentert i planomtale, oversiktssdokument over arealendringar eller konsekvensutgreiinga.



Området ligg i tilknyting Toraneset miljøpark, og har vore avsett til næringsføremål i lang tid utan å bli realisert. Området består av karbonrike areal med myr og skog, og ei utviding her vil kunne medføre klimagassutslepp og nedbygging av natur. Arealføremålet er endra, utan at det er gjennomført ytterlegare vurdering av arealet.

Vi viser til våre tilbakemeldingar i samband med arealrekneskap, planvask og fortetting i eksisterande næringsområde. Statsforvaltaren **fagleg råd** om at kommunen vurderer området i lys av skjerpa føringar for nedbygging av natur og karbonrike areal, og gjer ei KU-vurdering av arealendringa med utgangspunkt i at området ikkje er realisert.


### Vats

#### *VA01, Knaphus, frå LNF-føremål til bustad*

Arealendringa inneber å forlenge eit eksisterande bustadfelt slik at siste huset i ei rekke også blir avsett til bustadføremål. Arealendringa er større enn berre huset med nærmeste hage og kan legge opp til ytterlegare bustadbygging tett opp til dagens E134. Huset som ligg innanfor arealet som blir endra til bustadføremål ligg innanfor raud støysone frå E134 og det vil vere lite aktuelt å bygge nye bustader i området med denne støybelastninga og så tett opp til trafikkert veg. Vi legg til grunn at det arealendringa ikkje legg opp til fleire bustader i området.

#### *VA03, VA04 og VA05, Kårhus, frå LNF til bustad*

Det blir lagt inn tre nye område for bustadbygging på Kårhus. To av dei, VA03 og VA04 ligg inntil Kårhusfeltet og VA05 ligg som eit heilt nytt felt aust for Kårhus.





Kommunen viser i planomtalen til at det er mykje ledig regulert og uregulert bustadareal i Vats, også på Kårhus og Tinghaug.

I KU blir det vist til at det ikkje er registrerte naturverdiar i området. Ut i frå flyfoto, vegbilete (Google Street View) og vegetasjon er det mogleg at det kan vere naturverdiar på dei aktuelle områda som kunne ført til anna utfall i KU dersom områda hadde vore kartlagt etter NiN-metodikk.

Arealendringane fører til nye arealinngrep utan at det er eit konkret behov for nye bustadareal i området. Område VA05 legg også beslag på eit skogareal som er nytta til beite for husdyr.


Når det gjeld VA03 og VA04 vil utbygging her fjerne naturbaserte løysingar for overvasshandtering og kunne føre til auka avrenning nedstraums mot naboar og landbruksareal.

Når det gjeld VA05 vil utbygging her ha utfordringar med trafikk og sløkkevatn.

Av omsyn til at arealendringane kan kome i konflikt med naturverdiar og kjem i konflikt med jordverninteresser fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealinnspela VA03-05. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern - klargjering av motsegnspraksisen*, rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltingas motsegnspraktis* og statlege planrettningssliner for arealbruk og mobilitet.

#### *VA06, Knaphus, frå friområde og steinbrot til næringsområde*

Forslaget inneber omdisponering av område frå friområde og steinbrot til næring. Området er regulert til næring i ein eldre reguleringsplan frå 1998. Forslaget inneber også ei mindre justering slik at arealet kjem noko nærrare Vatsvatnet.



Området ligg svært nært Vatsvatnet, og kantvegetasjonen er svært smal enkelte stader. Det er gjort inngrep i form av vegar langs vatnet og bekken i området, som både er avsett og regulert til friområde. Kantsoner langs vassdrag har viktige funksjonar, blant anna som levestad for plantar og dyr, erosjonssikring og filtrering av finstoff. I område der det er drive uttak av massar og næringsverksemder er det spesielt viktig å sikre eit tilstrekkeleg breidt belte med kantvegetasjon, for å skjerme vassdragsverdiane i størst mogleg grad. Delar av kantvegetasjonen langs vatnet består ut frå flyfoto av lauvskog.

Tiltaksområdet ligg tett på Rørvikbekken (bekk mellom Rørviktjørna og Vatsvatnet), som er ein del av anadrom strekning i Åmsvassdraget. Bekken har moderat økologisk tilstand, men det er i KU ikkje



gjort vurdering av tiltaket opp mot vassforskrifta. Dette trass i at utvidinga kan medføre at miljømåla ikkje blir nådd eller tilstanden blir forringa. Det må her vurderast om vassforskrifta § 12 kjem til bruk.

Vidare finst den raudlista elvemuslingen i Åmselva, nedstraums Vatsvatnet. Innlaupsbekkar til Vatsvanet blei grovkartlagt for elvemusling i 2017 utan funn. Vi kan likevel ikkje utelukke at elvemuslingen finst i innlaupsbekkane til Vatsvatnet, blant dei bekken som renn vest for planområdet og ut i Røyrvika. Bekken er ikkje habitatkartlagt, og det er dermed uavklart om det er viktige gytte- og oppvekstområde for fisk som kan bli forringa som følgje av forslaget. Det er bekrefta frå lokale at det er fanga både laks og sjøaure Røyrtjørna, ovanfor bekken. Vi kan heller ikkje utelukke at ål (EN) vandrar opp Røyrvikbekken. Det er også registrert fleire raudlista fugleartar i området, slik som gullspurv og gresshoppersanger.

I motsetning til det som kjem fram av KU, finst det altså viktig naturmangfold i området som må takast omsyn til. Dagens uttaksområde ligg svært nært vatnet, og som nemnd innleiingsvis er det gjort inngrep i kantvegetasjonen langs vatn og vassdrag i form av vegrar og andre inngrep. Å sørge for at kantvegetasjonen blir tatt vare på og får vidareutvikle seg, er sentralt for å sikre omsynet til naturmangfaldet på staden. Forslaget som føreligg bidrar ikkje til dette. Vidare er ikkje kunnskapsgrunnlaget knytt til Røyrvikbekken godt nok.

jf. plan- og bygningslova §§ 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltingens innsigelsespraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til VA06 – Knaphus.

Det må settast av ei større buffersone mot vassdraga enn det som er foreslått. Dette krev at tilkomsten frå vest som no er vist i plankartet må takast ut, slik at området langs Røyrvikbekken kan utvikle seg. Det må også settast krav om kartlegging av Røyrviksbekkene ved detaljregulering.

Området er ein del av eit større næringsområde på Knaphus, der berre delar er utbygd i dag. Det må setjast krav om rekkjefølge på utbygging av området i reguleringsplan, for å sikre av området næraast vassdraga blir bygde ut i til slutt.

#### *VA07, Nesheimtunet, frå LNF-føremål til kombinert privat tenesteyting og reiseliv*

Arealendringa inneber å gjere om arealformålet på eit tun på gardsbruket 114/1 frå LNF-føremål til kombinert privat tenesteyting og reiseliv.





Tunet er det gamle tunet på eigedomen og har i lengre tid vore nytt til reiseliv og selskap som bi-inntekt til gardsbruket. Det blir i planforslaget no vist til at verksemda har endra seg slik at det ikkje er i tråd med LNF-føremålet.

Det blei i 2023 søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet til å dele i frå det aktuelle tunet frå gardsbruket. Statsforvaltaren rådde i frå ei slik deling med bakgrunn i at slik deling vil føre til fragmentering av landbruksområde, tapping av garden ressursgrunnlag og grunnlag for interessekonfliktar. Det er slik vi er kjend med ikkje gjort vedtak i saka.


Dei same forholda som gjorde seg gjeldande i dispensasjonssaka gjer seg framleis gjeldande når arealet blir foreslått endra til byggeformål som også inneber at tunet kan delast i frå gardsbruket utan dispensasjon. At verksemda har utvikla seg til å ikkje vere i tråd med LNF-føremålet kan ikkje nyttast som eit argument for å dele det i frå.

Tunet ligg elles i aktsemdområde for jordskred. Her må det reknast med kostnader til sikring. Tunet har elles ueheldig avkjøring med omsyn til turisme.

Statsforvaltaren står ved si tidlegare vurdering og fremmer **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen* og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

#### *VA09, Indraland, frå LNF til naust*

Det er foreslått omdiagonert eit område frå LNF-føremål til naust. Av KU går det fram at innspelet gjeld inngrep på land for bygging av naust og er ikkje vurdert å medføre negative konsekvensar for naturmangfold med svært viktig verdi. Det er allereie etablert anlegg i sjø som nausta skal nytte seg av. Innspelet blir tilrådd tatt med i planen.



Slik vi har peikt på allereie i vår tilbakemelding til fleire av innspelet til naust, vil også dette innspelet bidra til at spreiling av inngrepa i strandsona, framfor å samle dei. Det er allereie opparbeida areal ved moloen i området. Her er det tilsynelatande plass til fleire naust.


Det er registrert førekommst av ålegras i området frå 2012. Tiltak som inneber utfylling, partikkelspreiing eller skyggjelegging over ålegraset vil vere negativt, og det vil dermed vere konfliktfylt å gjere tiltak i sjø i dette området. Sjølv om dagens eigar ikkje har behov for eiga bryggje, vil eigarforhold og behov kunne endre seg. Slike føresetnader vil også kunne vere vanskelege å følgje opp over tid. Området framstår som lite eigna. Kommunen bør prioritere område der dei stadlege høva tillèt infrastrukturen som naust ofte treng.



Jamfør plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til VA09 – Indraland.

*VA11, Stokka, frå LNF til bustad*

Arealendringa inneber å endre arealføremål frå LNF-føremål til bustad på eit areal på 7,5 dekar.



Området er delvis skogkledd med noko jordbruksareal og grensar inn til nokre få bustader. Det ligg eit eldre regulert bustadfelt rett sør for området som framleis ikkje er utbygd.

I KU blir det vist til at arealendringa vil bygge opp om målsettinga om å sikre varierte bustadtilbod i alle bygder, men vil ikkje bygge opp om effektiv arealutnytting i og nær tettstader. Vi er ikkje samde i at å legge til rette for ytterlegare bustadbygging på Stokka vil bidra til å sikre eit variert bustadtilbod i Vats. Stokka ligg relativt langt frå skule og butikk og området vil i all hovudsak vere bilbasert.

Vi vil elles peike på at området har kvalitetar som tilseier at det kan vere naturverdiar innanfor området som må kartleggast før ein kan konkludere om konsekvensar for natur. Arealendringa legg opp til nytt arealinngrep utan at det er store samfunnsmessige interesser knytt til utbygging.

Av omsyn til samordna areal- og transportplanlegging og unngå nye naturinngrep Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet.

*VA12, Stokkastranda, frå LNF-føremål til naust*

Innspelet inneber omdisponering av 0,8 daa LNF-føremål til naustføremål. I KU går det fram at innspelet gjeld inngrep på land for bygging av naust i tilknyting til eksisterande anlegg. Innspelet blir av kommunedirektøren tilrådd tatt med vidare.



Strandsona i området er anten smal eller bratt, og dermed lite tilgjengeleg for ålmenta, eller bygd ut. Det aktuelle arealet framstår som ein av dei få flekkane i området som er tilgjengelege og attraktive for ålmenta.

I KU er det lagt vekt på at innspelet berre gjeld inngrep på land. Det er registrert ålegras i kort avstand til tiltaksområdet. Registreringa av ålegras er gjort i 2012. Ålegras kan vekse ulikt frå år til år, og ein kan ikkje utelukka at det finst ålegras også innanfor det føreslegne området. Å fylle ut eller skuggeleggje vil uansett fjerne potensialet for at arten kan vekse her. Det vil dermed vere konfliktfylt å gjere tiltak i sjø i dette området. Området framstår derfor som lite eigna. Erfaringsmessig er det å leggje opp til naust med etterhald om at det ikkje skal leggast opp til tiltak i sjø er vanskeleg å følgje opp i framtida. Behov og eigarhøve vil kunne endre seg over tid. Kommunen bør prioritere område der dei stadlege høva tillèt den infrastrukturen som naust ofte treng.

Jamfør plan- og bygningslova § 1-8, § 5-4 og T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til VA12 – Stokkastranda.

#### *Olaugstrand, gnr. /bnr. 138/31*

Det er lagt inn eit naustområde på gnr./bnr. 138/31. Området er ikkje KU-vurdert, og Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er omtalt i kommunen si oversending.

Det føreligg motsegn til detaljreguleringa for dette området, både frå Statsforvaltaren og frå Fiskeridirektoratet. Kommunen sitt saksnummer 20/1745. Frå vårt sakssystem kan vi ikkje sjå at desse motsegnene er løyste.

Statsforvaltaren fremmer på nytt **motsegn** til naust på Olaugstrand, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8 og 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*.

Vi legg til grunn at det er skjedd ein feil i kart eller KU, og at det ikkje er lagt inn tilsvarende område der det føreligg motsegn, og/eller som ikkje er KU-vurderte andre stader i kommuneplanen sin arealdel.

#### **Vikebygd**

*VB02, Svendsbø, frå LNF-føremål til kombinert næring, turisme og bustad*

Arealendringa inneber endring av arealformål frå LNF-føremål til kombinert grøntområde, næring, turisme og bustad på eit areal på 9 dekar.



I KU blir der vurdert at arealinnspelet vil vere noko negativt med omsyn til nedbygging av skogareal og landskap, og vil også vere bilbasert. Det blir vurdert at dei negative verknadane vil vere små og at å legge til rette for reiseliv vil vere innanfor målsettinga i kommuneplanarbeidet.

Området ligg i eit samanhengande jordbruksområde og grensar inn til fulldyrka jord. Det kjem ikkje klart fram i planforslaget kva som er tenkt etablert innanfor området, men det vil vere konfliktfylt å legge til rette for bustad, næring og reiseliv i eit viktig landbruksområde.

Av omsyn til landbruksinteressene i området fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet.

#### *VB03 og VB04, Vossasvingen, frå LNF til bustad*

Rett sør for Vikebygd blir det lagt inn to nye bustadområde på 1,7 dekar og 13 dekar. Areala som blir foreslått gjort om til bustadføremål er i dag avsett til LNF-føremål og er i hovudsak registrert som skogareal i AR5. Areala er i dag meir naturprega areal med ein viss verdi som karbonlager.



Det går ei høgspentlinje delvis igjennom begge felta, og området får uakzeptabel risiko i ROS-analysen. Innanfor det sørlegaste feltet (VB04) renn det ein bekk og store deler av arealet ligg i aktsemdområde for flaum. Det er ikkje tilstrekkeleg å berre omtale plankrav som eit avbøtande tiltak, her må kommunen vurdere grundigare om arealet er eigna for bustadutbygging, og kva konsekvensane kan bli.




I planomtalen blir det vist til at Vikebygd i gjeldande plan har ledig regulerte bustadtomter tilstrekkeleg for kommande planperiode, men at det er lagt inn nokre nye område for å få variasjon i bustadtilbodet.

Dei to aktuelle områda ligg om lag ein km sør for Vikebygd sentrum, langs veg delvis utan gang- og sykkelveg. Områda legg opp til ytterlegare bilbruk og vil ikkje bygge opp om tettstaden og bidreg til å spreie bustadene ytterlegare. Sjølv om det ikkje er viktige naturverdiar innanfor områda vil arealendringane likevel bygge ned natur med ein viss verdi som karbonlager og kunne føre til bekkelukking. Med utgangspunkt i at det er mykje ledig regulert bustadareal i Vikebygd er det ikkje grunnlag for å forsvare ei utbygging her. Statsforvaltaren femmer derfor **motsegn** til dei føreslegne arealendringane VB03 og VB04. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4, § 4-3 og statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet.

#### *VB07, Vikebygd, frå tenesteyting til bustad til kombinert bustad, forretning og tenesteyting*

Arealendringa inneber å endre eit areal på 3,8 dekar frå tenesteyting til kombinert føremål for tenesteyting, forretning og bustad. Arealet er i dag eit leike- og ballområde rett ved Vik skule og barnehage. Arealendringa får sterkt negativ verknad i KU for barn og unge som følgje av at arealet har høg brukarfrekvens og høg grad av tilrettelegging. I KU blir det vurdert at det må finnast erstatningsareal til det aktuelle arealet.



Området ligg sentrumsnært og har ein viktig funksjon for barn og unge i bygda. I KU blir det i den samla vurderinga vurdert at:

*«Innspelet bygger opp om satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Verknadane for born og unge og nærmiljø er sterkt negative som følgje av nedbygging av uteareala til skulen. Ei føring i samband med utviklinga av innspelsområdet må vera å finna erstatningsareal for skulen.»*

Eit areal med forretning og bustad vil ikkje kunne ha dei same kvalitetane som eit større samanhengande leikeareal på bakkeplan har. Vi kan ikkje så at kommune har lagt inn nytt areal til erstatning for arealet som blir foreslått bygd ned. Dette er i direkte konflikt med rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga punkt 5 d:

*«Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal*



egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.»

Med bakgrunn i omsynet til barn og unge i planlegginga fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa som inneber at eit viktig leikeareal vil blir bygd ned utan at det er sett av erstatningsareal eller sett krav om opparbeiding. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga.

#### *VB08, Vikebygd, frå bustad til kombinert bustad, forretning og tenesteyting*

Arealendringa inneber å endre eit areal på 8,7 dekar frå bustad til kombinert føremål for tenesteyting, forretning og bustad.




Området er i dag eit naturskogområde med noko jordbruksareal. Området grenser inn til eit svært viktig friluftsområde ved Vik skule og barnehage. I KU blir det vist til friluftsområdet, men konsekvensen for barn og unge blir vurdert til nøytral. Det kjem ikkje klart fram i KU om det aktuelle arealet som blir foreslått omdisponert også har verdi for som leike- og friluftsområde.

Det er ikkje gjennomført naturtype- eller artskartlegging innanfor området i samband med KU. Ut i frå flyfoto og vegbilete (Google Street View) har området potensielle for viktige naturverdiar. Å sette av arealet til utbyggingsføremål kan kome i konflikt med desse. Av omsyn til manglande kunnskap om naturverdiar i området fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til at arealet blir sett av til utbyggingsføremål. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regional interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltingas motsegnspraktis*.

#### Vikedal

##### *VD02, Kalvaskinnsberget, frå LNF-føremål til næring*

Innspelet inneber omdisponering av 3,1 daa LNF-føremål til næring. I ROS-analysen går det fram at risiko er uakseptabel for temaa ras/skred/områdestabilitet og ulukker med transportmiddel. Kommunen vurderer det slik at innspelet, sjølv med avbøtande tiltak, vil føre med seg ein uakseptabel risiko for desse temaa. Innspelet blir derfor ikkje tilrådd. I den samla KU-vurderinga blir innspelet likevel tilrådd basert på at det er eit areal som allereie er opparbeidd, og at kommunen tilbakefører noko areal på andre sida av Saudavegen.



Området er relativt lite, og som ROS-analysen viser er det fleire tryggleiksmessige høve på staden som fører med seg uakseptabel risiko. Området ligg også i sin heilskap innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Her skal det, jf. plan- og bygningslova § 1-8, takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser. Næringsverksemda bør haldast på motsett side av fylkesvegen, i allereie opparbeida og planert areal.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til SA04 – Sandhammar, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 5-4, 4-3 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*.

VD03, Vikedal kai, frå fritids- og turistføremål og hamn til næring



Risiko relatert til transport til sjøs er ikkje greidd ut. Det er ikkje utgreia kva konsekvens ulykke/brann på eit fartøy til kai, eller kva konsekvens kan brann i næringsverksemda på land har for kaien og trafikken. Det må også avklarast kva tiltak skal til for å sikre det mot stormflo, bølger og klimaendringar.

Statsforvaltaren har **motsegn** til mangelfull ROS-analyse. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og § 4-3.

VD04, ved «Mesta-stasjonen», frå LNF-føremål til næring

Området er skreditsett, og har mykje markfuktigheit. Utbygging her vil mest sannsynleg føre til meir avrenning nedstraums mot veg og naboor. Vi har **fagleg råd** om at arealet blir tilpassa til skredsone, og at det blir gitt krav om handtering av avrenning.




#### VD06, Vikedal kai vest, frå LNF-føremål og fritids- og turistføremål til naust

Vi har **fagleg råd** om at ein bør sjå på utvikling i området og trafikksituasjonen i samanheng med omsyn på avkøyring frå hovudveg. Dette bør løysast i ein samla plan for området.

#### Ølen

##### Ø01 og Ø02, Litle Nerheim, frå LNF til bustad

Det blir føreslått lagt inn to nye bustadområde på Litla Nerheim omtala Ø01 og Ø02. Areala heng saman og i følgje KU er areala oppgitt å vere på til saman 55 dekar. I kommuneplankartet er arealet på nærmere 40 dekar og vi legg til grunn at arealet vist i kommuneplankartet er det som gjeld.



Arealet er i dag vist som LNF-føremål og er i hovudsak fulldyrka jord. Arealendringa inneber ei omdisponering av i overkant 27 dekar fulldyrka jord i aktiv drift. Kommunen viser til at arealinnspelet er justert for å ikkje ligge innanfor kjerneområde landbruk. Dette er berre delvis riktig. Arealinnspelet er redusert i storleik, men kjerneområde landbruk er også justert for å tilpasse seg arealinnspelet innanfor eit areal på 4 dekar fulldyrka jord.

Det blir vist til at Ølen er den bygda som har mest bustadbygging. Vedtatt utviklingsretning er mot Ølensvåg og innspelet vurderast positivt ut i frå dette, og at det ligg sentrumsnært. Det er framleis ein stor uregulert bustadreserve på over 60 dekar på Blikragarden rett ved området. Denne reserven er på over 60 dekar, og blei omdisponert ved førre rullering av kommuneplanen. Det er elles ein del ledig areal i uregulerte bustadareal i området Litla Nerheim. Det er og ledige regulerte bustadareal på Roa og Øvhagen, og eit potensiale for å fortette i dei meir sentrumsnære bustadområda. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert ledig regulert og uregulert bustadareal og fortettingspotensial i Ølen opp mot arealbehov i kommande planperiode, men ledig areal må reknast å vere tilstrekkeleg for minimum kommande planperiode dersom vi legg til grunn ein effektiv arealbruk. Vi kan derfor ikkje sjå at det er behov for å legge inn nytt bustadareal i Ølen for å sikre ønska vekst i kommunenesenteret.

Både nasjonalt og regionalt jordvernål er sidan førre kommuneplan vesentleg skjerpa og det same gjeld føringane og forventingar til eit strengare jordvern. Både nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, statlege planrettningssliner for arealbruk og mobilitet og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen* legg til grunn at jordbruksareala skal sikrast for jordbruk og berre omdisponerast til andre føremål når det er knytt store samfunnsinteresser til utbygging.



Med bakgrunn i omsyn til jordvern, at kommunen har ein tilstrekkeleg bustadreserve i kommuneplanen i Ølen og generelt fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4 og nemnte føringar, retningslinjer og rundskriv.

Ø03, Ølen vest, frå erverv til næring og bustad



Arealformålet endrast frå erverv til næring og bustad. Næringsbygg og bustadhus er definert som bygg i sikkerheitsklasse 2 jf. TEK 17. Det betyr at området må vere trygt for ei 200 års stormflo med klimapåslag og bølger. I dette området betyr det at bygg skal ligge over kote 2.10 pluss bølgepåverknad. Dette området ligg på kote 2 og oppfyller ikkje krava utan avbøtande tiltak. Arealdisponeringa er difor ikkje akseptabel. Kommunen kan vurdere om areal utanfor faresona kan nyttast. Om kommunen meiner det likevel er naudsynt å bygge i faresona må ROS-analysen vise at definerte, avbøtande tiltak kan sikre bygga. Krav om desse tiltaka må i tilfelle sikrast i føresegne. Det er feil og manglar i ROS-analysen og Statsforvaltaren har difor **motsegn** til arealendringa grunna uakseptabel risiko slik planen føreligg. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova §§ 5-4 og 4-3.

Ø06, Nedanfor Vågshagen, frå LNF-føremål til bustad

Arealendringa inneber at eit areal på 3,2 dekar blir endra frå LNF-føremål til bustadføremål. Det aktuelle arealet utgjer det eine av to gardstun på gnr. /bnr. 272/1. Det aktuelle gardsbruket er på totalt 325 dekar kor 100 dekar er fulldyrka jord, og tunet utgjer ein arealressurs på gardsbruket. Arealendringa inneber at tunet i realiteten kan delast i frå garden i tråd med plan og utan godkjenning etter jordlova.





I planforslaget blir arealendringa framstilt som å vere ei utviding av eit eksisterande bustadfelt. Arealet er smalt, bratt og dels utbygd med eksisterande gardshus. Arealet vil derfor i liten grad fungere som ei utviding av det tilgrensande bustadfeltet. I realiteten vil arealendringa innebere at ein punkterer eit samanhengande og viktig jordbruksområde ved å gi bustadinteressene prioritet. I gjeldande kommuneplan er tunet innanfor kjerneområde landbruk, mens i planforslaget blir kjerneområde justert for å ta inn det aktuelle tunet. Arealendringa vil derfor utfordre jordvernnet ved å legge press på ytterlegare omdisponeringar i området, i strid med nemnde føringer for eit styrka jordvern.

Av omsyn til landbruksinteressene, effektiv arealbruk og jordvern fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4, statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen*.

Ø08, Litle Nerheim, fiskerihamn og næring



Det er foreslått omdisponert 4,5 daa til fiskerihamn og næring. Innspelet inneber utfylling i sjø til næringsareal på innsida av eksisterande molo, og utfylling i sjø utanfor dagens molo for å legge til rette for ham for djuparegående fartøy.

Området der det er foreslått å fylle ut i sjø for å utvide området på land, har fått føremål bustad/næring/tenesteyting. Dette samsvarer ikkje med skildringa i KU, der det går fram at området skal omdisponerast til næring. Vi ber om at det blir gjort greie for kva som er rett føremål.

Utfyllinga for å utvide området på land må sjåast i samanheng med vår motsegn til manglande vurdering av fortettingspotensialet i eksisterande næringsareal. Det ser ut til å vere rom for fortetting i eksisterande, utfylt område. I tillegg til å vurdere fortettingspotensialet i næringsareal i kommunen generelt, må det vurderast om behov for areal til næring her kan løysast på den delen som allereie er avsett til næring (i kombinasjon med andre føremål).

Utfyllinga i sjø utanfor molo er grunngjeve med ønske om hamn til djuparegåande fartøy. Området er eit av dei relativt grunne områda i fjorden. Grunnare område i sjø har ofte eit rikt marint naturmangfald. Fleire av dei grunnare områda i Ølensfjorden er prega av eksisterande tiltak. Området ligg også i nærleiken av gytedområde for torsk.

Som det går fram av dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, skal behov for næringsutvikling leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet.



Tiltaket inneber ei stor fylling i sjø som vil strekkje seg eit godt stykke ut i sjø samanlikna med dagens molo, og leggje beslag på eit av dei grunne områda i fjorden.

Det må føreligge eit langsiktig, næringsmessig behov for eit slikt tiltak. Det må kunne sikrast at hamna skal nyttast til fiskeriverksemd, og ikkje til fritidsbåtar.

Vi er ikkje samde i premissen om at det skal dimensjonerast for 20-års stormflo. Dette bør dimensjonerast for F2 etter TEK 17, det vil seie for 200-års stormflo. Ei hamn bør byggast for å vare lengre enn i 20 år, og særleg dersom tiltaket også skal innehalde utfylling, bygg og næring er det ikkje tilstrekkeleg med 20-års stormflo.

Med grunnlag i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona, og plan- og bygningslova §§ 1-8, 4-3 og 5-4 fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til forslaget. Motsegna kan løysast ved at det i føresegndene til kommuneplanen sikrast at hamna skal nyttast til fiskeriverksemd, og ikkje til fritidsbåtar. Vidare må det gjerast greie for fortettingspotensialet i næringsområda i kommunen generelt, og for tilgrensande område som allereie er avsett til næring. Dersom det er kapasitet til tilgrensande område, bør arealbehovet løysast her framfor å fylle ut i sjø. Byggverk må også dimensjonerast for 200-års stormflo.

#### *Ø12. Steinbru, frå LNF-føremål til kombinert bustad, landbruk, kultur- og næringsverksemd*

Arealendringa inneber å endre arealformålet på eit gardstun frå LNF-føremål til kombinert føremål for bustad og næring. Arealendringa er på 6,7 dekar og grenser inn til fulldyrka jord og vassdrag med viktige friluftsverdiar.



Det blei i 2023 gitt dispensasjon til riving av eksisterande bustad og oppføring av ny, utviding og bruksendring av drivhus til kunstatelier og næringsbygg. I vurderinga av om dispensasjon skulle gis blei det vurdert at tunet ligg skjerma får landbruksareala og at det ikkje vil oppstå arealbrukskonfliktar mellom bruken av tunet og landbruket.

Når det nå blir foreslått ei arealendring til anna enn landbruk går vi frå ein situasjon kor bruken på gnr. /bnr. 237/9 må innordne seg landbruksinteressene i området til at denne bruken får prioritet. Kjerneområde landbruk er justert for å unngå konflikt med den langsiktige prioriteringa av landbruksinteressene. Vi viser i denne samanhengen til at det er gitt dispensasjon til dei omsøkte endringane, og at verksemda kan fortsette innanfor denne dispensasjonen. Å gjere arealet om til byggeformål vil gi forventingar og press på nye tiltak som vil kunne føre til interessekonfliktar i eit område kor landbruket skal ha prioritet.




Vi ser heller ingen dokumentasjon eller kjelder på at arealet er naturfareutgreidd. Det må komme fram i ROS-analysen kven og når disse kartleggingane er gjort, og det må føreligge kartdokumentasjon.

Av omsyn til landbruksinteressene, effektiv arealbruk og jordvern og manglar ved ROS-analysen fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova §§ 5-4 og 4-3, statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern – klargjering av motsegnspraksisen*.

#### Ø13 og Ø14, Hamre og Kåtabøvika, frå LNF-føremål til naust

Forslaget inneber omdisponering av LNF-føremål til naustføremål.



I KU går det fram at tiltaket ikkje er i vesentleg konflikt med miljøtemaa, men vil føre til ytterlegare nedbygging av ein del av strandsona og medföra behov for utfylling i sjø. Tilliggjande naustområde er utbygde, og naustareal i området er etterspurt. Kommunen vurderer derfor at endringa stetter opp om attraktive lokalsamfunn/bustadområde. Innspelet blei vedtatt tatt med vidare gjennom vedtak i formannskapet 10.12.2024.

Som det går fram av dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona, er strandsona svært viktig for friluftsliv, rekreasjon og landskapsopplevingar. Den er ofte rik på kulturminne og viktig for stader sitt sær preg og identitet.

I KU går det fram at strandsona i området i utgangspunktet er lett tilgjengeleg for allmenta frå fylkesvegen, men er smal og bratt. At området er smalt og bratt er ikkje einstydande med at området ikkje har verdi for ålmenta og derfor kan byggast ut. Store delar av strandsona langs



Dreganes er bygd ut. Høva langs fylkesvegen gjer at alle naust er bygd på store fyllingar som verkar dominerande i landskapet. Å ta vare på dei områda som ikkje er bygde ut i dag er viktig for å oppretthalde dei kvalitetane som er igjen i strandsona i området, både sett frå sjøen og vegen.


Området ligg mellom fylkesvegen og sjøen, og vil krevje utfylling i sjø for å oppretthalde byggjegrensa mot fylkesvegen. Innspelet kan ikkje seiast å illustrere det faktiske arealbehovet. Tiltaket vil også medføre auka trafikk på ein veg som er smal og tidvis utoversikteleg. Kommunedirektøren fremma negativ innstilling til innspela basert på at forslaget medfører ytterlegare nedbygging av strandsona på Dreganes, uoversiktleg trafikksituasjon, behov for utfylling i sjø, og at området er det einaste ubygde området på ei strekning på 200 meter. Statsforvaltaren støttar kommunedirektøren si vurdering.

Jf. plan- og bygningslova §§ 1-8 og 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til forslaget.

Kommunen bør ta ut naustområda som ligg klemt mellom fylkesveg og sjø, og som er vanskelege å realisere utan store inngrep, i staden for å leggje inn nye.

#### Ø15, Økland, frå LNF-føremål til husklynge

Arealendringa inneber å endre arealføremål frå LNF-føremål til bustad – husklynge på eit areal på 4,5 dekar. På arealet står det i dag det eine av to hus på eit større gardsbruk og resterande areal er fulldyrka jord.



I tillegg til å legge opp til frådeling av det eine av to hus på eit gardsbruk fører arealendringa til tap av jordbruksareal og at bustadinteressene får prioritet i eit område som er vist som kjerneområde landbruk, kor landbruksinteressene skal vere styrande for arealbruken. Arealendringa kjem derfor i konflikt med jordvern. Å legge til rette for bustad her vil ikkje bygge opp om kommunen sin arealstrategi og vil i all hovudsak vere bilbasert og vere i konflikt med føringar for arealbruk.

Av omsyn til jordvern og ein effektiv arealbruk fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til arealendringa. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 5-4, statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern - klargjering av motsegnspraksisen*.



## Ølensvåg

### ØV04, Ølensvåg, frå park til naust

Det er foreslått omdisponert 0,6 daa til naustføremål. Området er avsett til park i gjeldande kommuneplan og regulert til offentlege friområde: park, turveg, rastepllass.



I KU går det fram at innspelsområdet er den første delen av strandsona frå Ølensvåg langs Ølsjøen som ikkje er nedbygd og privatisert i særskild grad, og har difor ein stor eigenverdi. Det er mykje ledig/ikkje-realisiert naustareal i eksisterande naustområde i vest, og behovet for nye naustområde, som må etablerast i konflikt med strandsoneverdiar, blir difor vurdert som lågt. Innspelet er tilrådd lagt til i naustområde i vest med krav om reguleringsplan for heile naustområdet.

Dersom det ikkje er behov for meir areal til naust i området, og tilgrensande naustområde har nok av kapasitet, så bør det heller ikkje leggast ut meir areal. For at naustet kan realiseraast er det avhengig av at heile området blir regulert. Det er ikkje sett krav om dette i føresegndene til kommuneplanen, og Statsforvaltaren stiller spørsmål ved om dette er eit krav som vil bli følgjt opp.

Som vi har vist til i vår motsegn til næringsområdet Myrastranda (under), er det ei rekke naturverdiar i området, deriblant eit blautbotnsområde. Området i sjø er grunt, og vil sannsynlegvis krevje tiltak for å sikre tilstrekkeleg djupne for tilkomst med båt. Blautbotnsområdet har betydning for ei rekke fugleartar i området, som vil kunne bli råka av tiltak i sjø og auka forstyrring.

Jf. plan- og bygningslova §§ 1-8 og § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til forslaget. Det er allereie opparbeida areal i avsett område til naust i vest som bør nyttast.

### ØV05 og ØV06, Myrastranda, frå LNF-føremål m.m. til nærings- og industriområde

Forslaget inneber omdisponering av 100 daa i sjø og 48 daa på land til næring. Områda er i hovudsak avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø, og LNF-føremål på land. Dagens E134 går gjennom det føreslegne området, men denne skal i framtida leggast om.



Forslaget vil innebere ei betydeleg utfylling i sjø, og leggje beslag på både viktige natur- og landbruksverdiar. I KU får innspelet sterk negativ verknad for tema naturmangfald, vassmiljø og karbonlagring, strandsone og landbruk.

Innspelet vil innebere lukking av eit langt strekk i nedre del av sjøaurebekken Little Gjerdeviksbekk. Bekken er kartlagt i rapporten Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøaure i vassdrag i Vindafjord kommune (Hellen mfl. 2021)<sup>1</sup>. Bekken har ei velutvikla kantsone på sørsida av E134, bestående av ask (EN) og potensiale for andre, viktige artar. Kantsoner langs vassdrag har fleire viktige funksjonar, blant anna som levestad for planter og dyr, erosjonssikring og filtrering av finstoff.

Området inngår i den nasjonale laksefjorden Etnefjorden- Ølensfjorden. Utfyllinga vil medføre permanent øydelegging av elvedelta og blautbotnsområde utanfor vassdraget. Området er både raste-, vaske- og næringsøkssområde for ei rekke fugleartar, inkludert fleire raudlista artar slik som tjeld (nær trua), ærfugl (sårbar), og fleire måkeartar. Området er også viktig for vadefugl og andefugl generelt, og for laksefisk i den nasjonale laksefjorden i sjøfasen. Det er allereie gjort inngrep i slike område i denne fjorden. Vi viser her til områderegulering for Ølensvåg sentrum, avgjort av Kommunal- og distriktsdepartementet i 2022.

Forslaget vil leggje beslag på 22 daa fulldyrka jord. Delar av området på sørsida av E134 har potensiale for naturtypen naturbeitemark (VU). Forslaget vil inneber eit betydeleg inngrep i strandsona i området, og vil i vesentleg grad påverke områda rundt, både visuelt og som følgje av bruken. Industriområdet på andre sida av fjorden medfører allereie støy til omgivnadene, og innspelet vil kunne bidra til betydeleg auke i støybelastning i området.

Risiko- og sårbarheitsanalysen viser uakseptabel risiko knytt til grunntilhøve og trafikkfare.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til ØV05 og ØV06 - Myrastranda jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 5-4 og 4-3, rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*, og rundskriv M-1/2025 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern - klargjering av motsegnspraksisen*

<sup>1</sup> Hellen, B. A., M. A. Hulbak, C. Irgens & S. Skår 2021. Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i vassdrag i Vindafjord kommune. [Rådgivende Biologer AS rapport 3306](#), 218 sider.



## Vår vurdering av føreseggnene

Føreseggnene er reviderte og det er til dels gjort større endringar.

Innleiingsvis har vi nokre generelle merknader og innspel:

- det er positivt at det er vist til heimel i plan- og bygningslova for føresegna. Dette er likevel ikkje gjort konsekvent og vi saknar heimel for mange av føreseggnene.
- Ordlyden i føresegner og plankartet bør vere lik. Til dømes brukast ordet «eksisterande» i føresegn 1.2.d, medan det i plankartet brukast ordet «noverande».
- Statsforvaltaren forstår at kommunen kan ønske å tydeleggjere/framheve visse føresegner som går fram av lov og forskrift. Eksempel 1.5, 1.7.3.1 d. Vi vil likevel peike på at framheving av nokre føresegner i KPA, gjer at andre føresegner trer mindre fram, sjølv om dei kanskje er like viktige. Ein risikerer også at føresegna blir utdatert dersom lov eller forskrift blir endra før kommuneplan blir rullert igjen. Avskrift fører òg til ein lengre KPA, som kan føre til at KPA blir mindre tilgjengeleg og lettlesen. Vi anbefaler kommunen å gjennomgå og vurdere om dei einskilde føreseggnene er nødvendige å ha med i dokumentet. Det kan ofte halde å vise til lov- eller forskriftsføresegner.
- Det blir i fleire føresegner vist til søknader som skal sendast til kulturminnemyndighetene for uttale. Vi kan ikkje sjå noko særskilt grunnlag for at desse berre skal sendast kulturminnemyndighetene og ikkje andre mynder, til dømes Statsforvaltaren. Det bør vurderast om det er naudsynt å presisere dette i føresegna.
- Det er fint slik omsynssonekoden/bandleggingskoden er angitt i f.eks. 3.1.2 og 3.1.3. Dette bør gjerast konsekvent.
- I fleire føresegn blir det vist til at parkeringsareal ikkje skal reknast med i BYA. Dette er i strid med TEK17 §§ 5-2 og 5-7, og er difor ikkje lovleg. Dette gjeld blant anna føresegn 1.2, 2.1.2e, 2.1.3c, 2.3.2c, 2.3.3a. Opplistinga over føresegner der denne feilen går fram er ikkje nødvendigvis komplett.

I det følgjande vil vi kommentere dei einskilde føreseggnene kor vi har merknadar.

### *1.2 Unntak frå plankrav, jf. PBL. § 11-10 nr. 1*

Kommunen føreslår her å sjå bort frå plankravet for ulike bygg på visse vilkår, men det går ikkje fram unntak for noko anna enn bygg og byggetekniske installasjonar. Òg andre konstruksjonar knytt til bustaden bør kunne få unntak. Til dømes le-veggar og støttemurar og liknande på bygde eigedomar.

Føreseggnene i siste punkt til fortetting er noko vage og skjønnsmessige. Det kunne med fordel også vore supplert med at ved fortetting må ein sikre tilstrekkeleg leike- og uteopphaldsareal.

I bokstav d blir det opna for at fortetting og supplering i uregulerte område som i kommuneplan er sett av som eksisterande område for bustad og fritidsbustad kan gjerast utan plan innanfor visse rammer for storleik og høgder og at utomhusfunksjonar, VA, veg og liknande er sikra.

I område som i hovudsak allereie er utbygd vil eit unntak frå plankrav kunne vere mindre problematisk. Føresegna er likevel ikkje avgrensa til einskilde område, men gjeld for alle utregulerte område for bustad og fritidsbustad i kommunen uavhengig av om området allereie er utbygd eller at det ikkje er eller berre nokre frå hus innanfor eit større felt. Det er i reguleringsplan at alle detaljar knytt til utbygging blir fastlagt, slik som tettleik og infrastruktur samt opparbeiding av infrastruktur. For område som ikkje er ferdig utbygd vil unntaket frå plankravet kunne føre til ein svært tilfeldig utbygging som ikkje er styrt av ein heilskapleg plan. Oppfølging nasjonale forventingar og planretningsliner, retningsliner i regional plan eller krav i kommuneplan vil heller ikkje bli sikra. Av



omsyn til nasjonale og regionale føringar for arealplanlegginga fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til føresegna slik dei er utforma. Dersom føresegna blir endra slik at det kjem tydeleg fram at det gjeld utfylling i allereie ferdig utbygde område kan vi akseptere dette.

#### *1.3 Utbyggingsavtale, jf. PBL. § 11-9 nr. 2 og 1.4 Løysing for vatn, avløp, overvatn m.m., jf. PBL. § 11-9 nr. 3*

I desse føresegna blir det vist til «kvar tid gjeldande» normer/standardar/vegleiarar. Dette er i strid med uttale fra Kommunal- og distriktsdepartementet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-11-9-11-11-kommuneplanbestemmelse-som-viser-til-daterete-normerveiledere/id3045422/>

##### *1.4.1 Veg, vatn og avløp*

I føresegna blir det gitt krav om tilkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg:

«b. Nye bustader og fritidsbustadar skal knytast til offentleg vass- og avløpsanlegg i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.»

Det bør i tillegg visast til pbl. § 30-6 som heimel for fritidsbustader.

##### *1.4.2 Overvatn*

I føresegna for overvatn går det i bokstav a. fram at «*lokal overvasshandtering skal leggjast til grunn ved regulering, detaljutforming og prosjektering av tiltak. Opne og naturbaserte løysingar skal nyttast der dette er praktisk mogleg*». Vidare går det fram av bokstav b. at «*handtering av nedbør skal som hovedregel skje gjennom infiltrasjon i grunnen og via opne vassvegar. Naturlege flaumvegar i eller i nærleik til utbyggingsområde skal kartleggjast og i størst mogleg grad bevarast. Bekkar og elveløp skal så langt det er råd ikke lukkast eller endrast, og skal bevarast så nært opp til si naturlege form som mogleg*».

Som det går fram av statlege planretningslinjer for klima og energi, bør bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysningar (slik som eksisterande våtmarker, naturlege bekkar eller nye grøne tak og veggar, kunstige bekkar og basseng mv.) vurderast. Dersom kommunen vel andre løysningar, skal dette grunngjenvært.

For bokstav a. har vi **fagleg råd** om at det må grunngjenvært dersom kommunen vel andre løysningar enn naturbaserte løysningar, i tråd med den statlege retningslinja.

For bokstav b. har vi **fagleg råd** om at kommunen stramar opp føresegna, og forbyr lukking av bekkar og elveløp. Dersom det i konkrete tilfelle ser behov for å gjøre slike endringar, kan dette vurderast konkret i detaljregulering, eller ev. som dispensasjon der lova opnar for det. Hovudregelen bør vere at bekkar og elveløp ikkje skal lukkast. Slike tiltak er også avhengig av løyve frå eige sektorlovverk. Det bør også sikrast i føresegna at det ved nye tiltak blir vurdert om det er mogleg å opne tidlegare lukka bekkar som ein del av den lokale overvasshandteringen.

#### *1.7 Byggjegrenser, utbyggingsvolum og funksjonskrav, jf. PBL. § 11-9 nr. 5*

I føresegna blir det stilt følgjande krav:

«b. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det vurderast om det skal setjast byggjegrense mot vassdrag. Breidde på kantvegetasjon skal då vurderast.»

Det går fram i pbl. § 1-8 siste avsnitt at kommunane sjølv skal vurdere byggjegrense mot vassdrag i KPA. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert at det ikkje er nødvendig å ha byggjegrense i KPA, berre at kommunen ikkje har hatt kapasitet til å sette byggjegrense mot sjø.



Vi har **fagleg råd** om at kommunen fastset breidda på kantvegetasjonsbeltet langs vassdrag i kommuneplanen. Ein kan eksempelvis differensiere slik at ein skil mellom vassdrag med og utan årsikker vassføring, og vassdrag med store naturverdiar, slik som eksempelvis verna vassdrag eller langs anadrom/lakseførande strekning. Her bør det leggast til rette for ei breiare sone.

#### *1.7.3.1 Felles uteoppahldsareal*

I føresegna blir det vist til følgjande:

«d. Kommunen kan bestemma at heile eller delar av ikkje overbygd del av terrassar og takterrassar kan reknast som uteoppahldsareal. Jf. TEK17 § 5-6.»

For at føresegna blir så klare som mogleg, bør det ikkje vere for mykje skjønn. Her bør kommunen i dei enkelte reguleringsplanane slå fast kva som kan regnast med som uteoppahldsareal. Sjå også tredje strekpunkt i innleiinga.

#### *1.7.4 Parkering*

I bokstav b. blir det gitt føresegner om at parkering skal sikrast på eige areal i bustad- og næringsområde om ikkje anna går fram av reguleringsplan.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet legg forventingar om at kommunane skal legge til rette for ein effektiv arealbruk. Bakgrunnen for dette er å redusere arealbruken av omsyn til jordvern, natur og klima.

Når parkering blir lagt til kvar einskild bustadtomt eller næringsverksemdukt/tomt er dette svært arealkrevjande både fordi parkeringsareala ikkje blir like arealeffektive, men og fordi det må etablerast køyreveg til kvar einskild eigedom. I nokre tilfelle vil parkering på eige tomt vere einaste akseptable løysinga ved til dømes einslege næringstromter eller små bustadfelt. Men i større næringsområde eller større bustadfelt vil parkering i fellesanlegg spare areal og kunne frigjere areal til meir næring, fleire bustader eller meir uteoppahlds- eller leikeareal. Det reduserer presset på utbygging i nye område, kan gi auka avkastninga per kvm næringsareal eller bustadfelt, eller auka kvalitet i bustadområde. Parkering i fellesanlegg vil også gjere kostnaden lågare ved at den kan fordelast på fleire.

Vi har derfor **fagleg råd** om at føresegna blir endra slik at parkering i fellesanlegg er hovudregelen.

#### *2.1.2 Husklynger*

Kommunen har i plankartet vist til einskilde område kor det kan førast opp 3-6 bustader utan plankrav på visse vilkår jf. føresegna i 2.1.2. Ei utfordring med å opne for utbygging på denne måten er at det gir svært dårlig grunnlag for medverknad for til dømes grunneigarar, naboar eller andre som blir påverka av føresegna. Statsforvaltaren har fremma motsegn til dei arealendringane kor vi meiner innføring av husklynger vil kome i konflikt med dei interesser vi er sett til å ta i vare.

I føresegna blir det stilt følgjande rammer for byggverk:

«e. Det kan førast opp bustadhús på inntil 250 m<sup>2</sup> BYA og garasje på inntil 60 m<sup>2</sup> i ein etasje med maks gesimshøgde 4 meter og maks mønehøgde 6 meter. Parkeringsareal inngår ikkje i BYA. For krav til parkeringsplassar, sjå 2.1.1.»

Dette er avskrift av føresegn 1.2 d første kulepunkt, og for å forkorte dokumentet kunne teksten vore erstattet med ei tilvising til føresegn 1.2. d.



### 2.1.3 Fritidsbustad

I bokstav c blir det gitt rammer for fritidsbustader. Størstedelen av føresegna er avskrift av 1.2 d andre kulepunkt. Kommunen bør vurdere å heller vise til desse føresegna og ta ut teksten i føresegna 2.1.3 c.

Vidare i føresegna bokstav c er det sett krav om at kvar fritidsbustad skal ha parkeringsplass til minimum 2 og maksimum 3 bilar på eiga tomt. Å ha parkeringsplass til 3 bilar på kvar tomt vil krevje mykje areal. Dette vil kunne gå på kompromiss med natur- og landskapsverdiar. Denne føresegna vil ikkje berre gjelde framtidige fritidsbustader, men også alle eksisterande. Kommunen har ikkje tatt ei gjennomgang av områda for fritidsbusetnad i denne revisjonen, og det kan vere fleire område som vil vere sårbare for slike arealbeslag. Jamfør plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet - klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til talet på parkeringsplassar for fritidsbustader. Motsegna kan løysast ved at det blir sett maksimumsgrense på 2 parkeringsplassar per fritidsbustad (inkludert i BYA). Desse bør fortrinnsvis løyast på felles parkeringsplassar.

Bokstav c opnar også opp for endring i utforming og høgd på fritidsbustader. Gjeldande kommuneplan opnar for maks gesimshøgd 4 meter og mønehøgd 5,5 meter. I forslag til reviderte føresegner er det opna for ulike takformar, der pulttak kan ha høgaste gesims 7 meter. Kommunen har ikkje tatt ei gjennomgang av områda for fritidsbusetnad i denne revisjonen, og det kan vere fleire område som vil vere sårbare for ei slik auke i høgd. Dette gjeld særleg områda innanfor 100-metersbeltet. Jamfør plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga si motsegnspraksis*, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til auka høgd for fritidsbustader.

Føresegna bokstav d har krav om at for område som «*ligger nærmere sjøen enn 1 km, skal utbyggjarar visa at det er avtalar om ny båtplass i småbåtanlegg/-hamn for hyttene. Unnatak kan gjerast dersom det kan påvisast at det i eksisterande småbåtanlegg/-hamner er fleire ledige plassar enn det tal hytter som er planlagt, eller det blir vurdert til at hytteområdet ligg slik at det ikkje er naturleg å nytta båt*». Kommunen har som nemnd ovanfor ikkje gjort ei vurdering av fritidsbusetnaden i kommunen i denne revisjonen. Det er uklart om kommunen har vurdert om det finns avsette/regulerte område for småbåthamn i nærleiken av dei sjønære hytteområda i kommunen. Om ikkje, så vil kravet kunne medføre at det blir søkt om å omdisponere nye område i strandsona til småbåthamn, i tilfelle der kapasiteten i eksisterande anlegg er avgrensa, eller det ikkje finst avsett areal i nærleiken. Føresegna kan slik legge opp til uavklart arealbruk i strandsona. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** jf. pbl. §§ 1-8, og 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*

I føresegna bokstav f går det fram at det «*i eksisterande regulerte område for fritidsbustadar utanfor 100-metersbeltet, som heilt eller delvis er utbygd utan interne tilkomstvegar, kan vegtilkomst avklarast ved reguleringsendring*». Vegar i hytteområde tar opp store areal. Det er ikkje alle område som toler slike terrenginngrep, verken av natur- eller landskapsomsyn. Å ha ei generell føresegna som opnar opp for at det kan etablerast interne tilkomstvegar gjennom reguleringsendring, legg uheldige føringar for arealforvaltinga og medfører auka press på landskap og natur, då det kan tolkast som om at alle område for fritidsbustader kan få interne vegar berre det skjer gjennom ein reguleringsendring. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til føresegna, jf. plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjering av miljøforvaltninga sin motsegnpraksis*.



#### 2.1.4 Naust

I bokstav c opnast det opp for at det kan etablerast toalettrom på 3 m<sup>2</sup> i naust, med toalettskål og handvask. I tillegg kan det etablerast sløyebenk og vask. Det er presisert at anna form for innreiing ikkje er tillate.

Som kommunen også har presisert i sine føresegner, er naust uthus til oppbevaring av båt og fiskereiskap. Naust er ikkje bygg til varig opphold. Når ein opnar for at det kan etablerast fasilitetar som toalett, legg ein likevel til rette for at nausta kan nyttast i utstrekkt grad. Denne bruken kan bidra til at nausta ikkje lengre berre blir nyitta til oppbevaring av båt og utstyr, men også til meir langvarig opphold. Dersom nausta får ein utvida bruk vil graden av privatisering av strandsona også auke.

Å opne for toalett i naust vil også leggje opp til mange spreidde utslepp til sjø, noko som vil bidra til økt næringstilførsel til fjordane. Eventuelt vil dei medføre behov for tilkopling på eksisterande leidningsnett. Vi viser til forslag om nytt EU avløpsdirektiv, som kan medføre strengare krav til reining av avløpsvatn.

Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at kommunen tar ut den delen av føresegna som tillèt toalett i nausta. Alternativt kan kommunen leggje inn at felles løysning for toalett kan vurderast i reguleringsplanar som opnar for fleire naust, og der det kan dokumenterast at det ikkje gir uakseptable konsekvensar med omsyn til forureining og at det er eit behov. Det vil seie der nausta ikkje ligg i tilknyting bustad- eller fritidsbustadområder.

Vi viser til motsegn til bokstav d i same føresegn gitt i avsnitt om naust i innleiinga.

#### 2.1.6 Kombinerte føremål

I føresegna blir det stilt krav om korleis område for kombinerte føremål skal regulerast:

«b. Begge eller minst to av arealføremåla som er oppgitt i kombinasjonen skal nyttast.»

Vi er noko usikre på korleis vi skal tolke denne føresegna. Inneber føresegna at det ikkje er lovleg med tiltak som berre høyrer til eit av arealføremåla? Frå ordlyden må minst to arealføremål nyttast. Er det greitt om ein tiltakshavar i eit område bruker eit av arealføremåla, og ein annan tiltakshavar bruker eit anna av dei oppgitte arealføremåla innanfor kvar einskild område? Må eventuelt same tiltakshavar søke om eit samla tiltak som krev meir enn eit arealføremål for at det skal vere lov? Vi rår til at føresegna blir presisert for å avklare dette.

#### 2.1.7 Ølen sentrum, bokstav f

I føresegna går det fram at «*elvane i området skal takast vare på og oppgraderast. Desse er viste som blågrønstruktur i planen. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det leggjast til grunn ei generell opprusting av elveløp og kantsoner*». Det er uklart kva som ligg i omgrepet «oppgradering». Elvemiljøet i Ølen sentrum er under press, og har mangefull kantvegetasjon fleire stader. Det er derfor ekstra viktig at eksisterande kantvegetasjon og naturlege elveløp blir bevart, og utbetra der den er mangefull. Dersom ein skal gjere tiltak i kantvegetasjon og/eller elv, må dette innebere ei bevaring og betring av vassdragsmiljø med tilhøyrande kantsone. Vi har **fagleg råd** om at kommunen endrar på ordlyden i føresegna.

#### 2.2.2 Blågrønstruktur

I føresegna går det fram at «*det er ikkje tillate med tiltak som kan vera til hinder for områda sin funksjon som del av vassdragsmiljø*.» Som retningslinje er det vist at søknad om terrenginngrep skal sendast kulturminnemyndigheita. Tiltak som inneber inngrep i vassdrag, eller kantvegetasjon langs vassdrag



med årsikker vassføring, vil krevje løye etter eige lovverk. Når det først er presisert at tiltak vil krevje løye etter anna lovverk i føresegnene, bør alle dei aktuelle lovverka bli teke med. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at det blir supplert med at inngrep i kantvegetasjonen vil vere søknadspliktige etter vassressurslova § 11 og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

### 2.3.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område), PBL. § 11-7 nr. 5

- a. Følgjande tiltak etter pbl. § 20-2 jf. § 20-1 kan behandles som enkeltsøknad uten dispensasjon på følgjande vilkår, jf. pbl. § 11-11 pkt. 2.

Føresagn 2.3.1 bokstav a (inkludert punkt 1-3) er utformet med hensikt å definere alle eksisterende, lovleg etablerte bustader og fritidsbustader som ei form for spreidd bygnad i LNF-områda etter pbl. § 11-7, pkt. 5 b.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2 at "*sprett bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse og annen bebyggelse kan tillates gjennom behandling av enkeltvise søknader eller reguleringsplan når formålet, bebyggelsens omfang og lokalisering er nærmere angitt i arealplanen*". KDD sin rettleiar «*Planlegging for sprett bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområder*» av mai 2020 tar for seg ulike måtar å framstille og handtere både nye og eksisterande spreidde hus og fritidshus i kommuneplanen sin arealdel. Det går spesifikt fram under kap. 3.8 i rettleiaren at ei generell føresagn «*om at alle tidligere fradelte tomter innenfor LNFR skal kunne bebygges for det formål de er fradelt til, eller at eksisterende bebyggelse skal kunne utvides i samsvar med dagens bruk, oppfyller ikke lovens krav til angivelse av omfang og lokalisering*». Kva for bygg som skal kunne definerast som LNF-spreidd må fastsettast etter ei konkret vurdering. Det kan vere bygg i kommunen som av ulike grunnar ikkje vil vere aktuelt å definere som LNF-spreidd, til dømes på grunn av konflikt med naturmangfold, friluftsliv, naturfare eller liknande. Eventuelle tiltak på desse vil då måtte handsamast som dispensasjoner. På lik linje kan det vere mange bygg i kommunen som det ikkje vil vere konfliktfylte å forvalte som LNF-spreidd, og som då ikkje vil krevje dispensasjonshandsaming. Men dette er ei konkret vurdering kommunen må gjøre. Rettleiaren viser til fleire aktuelle kriteria som bør ligge til grunn i ei slik vurdering.

Når dette arbeidet er gjort, må kommunen konkret vise til kva for bygg som skal definerast som LNF-spreidd. Dette kan eksempelvis gjerast gjennom å vise til liste med matrikkelnummer, kva type bygning og omfanget på denne, eller vise områda med føremål LNF spreidd. På side 42 i rettleiaren går det fram at uansett framstillingsmåte, er det ein føresetnad at det blir framstilt på ein konkret og eintydig måte. Løysinga i kommuneplanen til Vindafjord er å bruke føresegner åleine, utan at det er gjort ei konkret vurdering eller utarbeidd noko oversikt over matrikkelnummer som er omfatta av føresegna, eller illustrasjonskart som synleggjer omfang og lokalisering utanfor dei særlege områda for LNF-spreidd i plankartet. Dette er ikkje ei type framstilling som er i samsvar med rettleiaren, og vil vere i strid med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2.

Kommunen har allereie fleire område avsett til LNF spreidd bustad/fritidsbustad/næring i plankartet. Ei slik framvising vil vere i tråd med rettleiaren. Føresegna som definerer alle bygde fritidshus og bustader i LNF som LNF-spreidd, er derimot ikkje i tråd med rettleiaren. Vi har derfor **motsegn** til føresagn 2.3.1 a. Dette på bakgrunn av at den er i strid med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2.

Dersom det skal gis føresegner som opnar for tiltak på eksisterande bustader i LNF-områda gjennom handsaming av enkeltvise søknader, må det gjerast ei vurdering av dei einskilde bygg som grunnlag for til dømes lister med matrikkelnummer eller framvising i plankart, i tråd KDD sin rettleiar. Alternativt må denne teksten gjerast om til retningslinjer for dispensasjonsbehandling, og



då må likevel sakene behandlast som dispensasjon i tråd med plan- og bygningslova § 19-2. Kommunen kan ta kontakt med Statsforvaltaren for vidare rettleiing om temaet, dersom det er behov for det.

Avhengig av kva løysing kommune vel for å løyse motsegna fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til den totale ramma for bygningar som føresegna opnar for. Ein bygningsmasse på 250 m<sup>2</sup> BYA for bustadhus og 80 m<sup>2</sup> BYA for garasje opnar for svært store bygg, ut over kva som er naudsynt for normal bustadbruk. Å opne for ein bygningsmasse av denne storleiken vil kunne føre til betydelege endringar av opplevinga av landskapet i eit større perspektiv og kulturlandskapet. I tillegg vil dette gi bustadinteressene ytterlegare prioritet i eit område kor landbruket skal har fortrinn.

#### *2.3.2 LNF-sone 1*

I føresegna for ordinære LNF-område (tbl. § 11-7 nr. 5 a) blir det opna for at det i område med busettingsomsyn kan delast i frå tomter på 5 dekar og førast opp bustader som ikkje er naudsynt for landbruk:

«d. Busettingsomsyn

I område der det etter kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld særlege busettingsomsyn (Imsland, Bjoa og Vikebygd), kan det delast frå og førast opp bustadar utanfor landbruket og delast frå eksisterande bustadhus som det ikkje er behov for i landbruksdrifta av eigedomen/driftseininga, jf. jordlova § 12, fjerde ledd. Desse tomtene kan vera inntil 5 dekar.»

Alle tiltak i LNF-føremål (utanom LNF-spreidd) som ikkje er i tråd med LNF-føremålet, vil alltid krevje dispensasjon frå arealføremålet. Det kan ikkje bli gitt føresegn som endrar på dette. Pbl. § 11-11 nr. 2 kan berre bli brukt til § 11-7 nr. 5 bokstav b (LNF-spreidd), det kan ikkje bli brukt til bokstav a. Statsforvaltaren fremmer derfor **motsegn** til den aktuelle føresegna.

I tillegg er 5 dekar for mykje og i strid med nasjonale og regionale retningslinjer.

#### *2.3.4 LNF-spreidd, næring*

I føresegna til to delområde for LNF-spridd næring blir det opna for følgjande:

«Innanfor området kan det etablerast:

- Gardsrestaurant og nødvendig bryggjeanlegg for tilkomst til restauranten (delområde 1)
- Lette bygg til overnatting (delområde 2).

Dette kan skje utan reguleringsplan på same føresetnader som i 2.3.3 pkt. b.»

Statsforvaltaren har fremma motsegn til arealendringa for delområde 2. Dette inneber at føresegna for delområde 2 som opne for lette bygg til overnatting innafor delområdet er omfatta av motsegn.

Når det gjeld føresegna for delområde 1 er denne lite presis og seier ikkje noko om lokalisering og storlek på byggetiltak. Dette er viktig at blir gjort på kommuneplannivå når føresegna i kommuneplan seier at det ikkje er naudsynt med reguleringsplan. Vi viser i denne samanheng til rettleiar for planlegging for spreidd bustad, fritidsbustad og næring i LNF-områda frå KDD (mai 2020) for korleis LNF-spreidd skal framstillast i kommuneplan.

Vi har derfor **fagleg råd** om at føresegna for delområde 1 får betre detaljering og rammer for bygging innanfor området.



#### 2.4.2 Bryggjer.

Føreseggnene for bryggjer ligg under «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Brygger er byggetiltak, og bør fortrinnsvis førast opp i tilknyting område som er avsett til byggjeføremål. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at føreseggnene for bryggjer blir lagt i tilknyting føreseggnene for naust. Vi gjer samstundes merksam på at å etablere bryggjer som er festa i land krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, dersom det ikkje er sett byggjegrense mot sjø.

#### 2.4.11 Test- og demonstrasjonsområde for fiskefarm

Dette er ikkje eit gyldig arealføremål. Det er i pbl. § 11-7 uttømmande oppgitt kva som er gyldige arealføremål/underformål i ein kommuneplan.

#### 3.2.1 Omsynssone kjerneområde landbruk og omsynssone fiske, H510

- a. I denne sona er landbruk og fiske særskilt viktige interesser og skal takast spesielt omsyn til.
- c. Tiltak som forringar fiskeri-interessene skal i utgangspunktet ikkje tillatast.

Fiske er ikkje ein gyldig omsynssone. Kva som er gyldige omsynssonar i kommuneplan er uttømmande oppgitt i pbl. § 11-8 tredje avsnitt. Omsyn til fiske kan styrast med å bruke arealføremålet (underføremålet) fiske, utan omsynssone.

#### 3.2.2 Omsynssone akvakultur, H510

Ikkje gyldig omsynssone. Bruk arealføremålet (underføremålet) akvakultur, utan omsynssone.

#### 3.2.3 Omsynssone test- og demonstrasjonsområde for fiskefarm, H510

Ikkje gyldig omsynssone. H510 er omsynssone for landbruk.

#### 3.2.5 Omsynssone bevaring av naturmiljø, H560

I retningslina blir det vist til:

- «c. Dersom det skal bli gitt løyve til tiltak, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempene.»

Kvífor blir det peika på akkurat fordelar/ulemper? Dersom eit tiltak krev dispensasjon er det ikkje nok at fordelane er klart større en ulempa, alle vilkåra for dispensasjon må vere oppfylte. Viss det ikkje krev dispensasjon og tiltaket elles er i samsvar med pbl., kan ikkje kommunen gjere ei slik vurdering, men må gi løyve. Vi har **fagleg råd** om at retningslina blir omformulert.

Vidare blir det gitt retningsliner for:

- d. Vikedalselva
- VVV-rapport 2000-8, "Verdiar i Vikedalsvassdraget", skal leggjast til grunn ved vurdering av tiltak i og langs vassdraget.

I tillegg til rapporten frå 2000 som ligg til grunn for vassdragvernet, er det gjennomført ein habitatkartlegging av vassdraget i 2019/2020 som også er publisert på kommunen si heimeside. Føresegna bør også vise til denne rapporten og elles at det skal brukast den til ein kvar tid beste tilgjengelege kunnskap dersom det skal gjennomførast tiltak i eller langs vassdraget.

#### 3.5 Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda, jf. PBL. § 11-8 f), H910

Til omsynsona blir det gitt følgjande føresegner:



«Ved motstrid med føremål i reguleringsplan skal kommuneplanen gjelda framfor reguleringsplan. Elles skal vedtekne reguleringsplanar framleis gjelda.»

Dette er feil bruk av omsynssona. Det som er skildra i føresegna ovanfor er hovudregelen frå pbl. § 1-5 om at kommuneplanen gjeld framfor dei eldre reguleringsplanane ved motstrid. H910 (med heimel i pbl. § 11-8 f) betyr at reguleringsplanen skal gjelde uendra og at reguleringsplanen gjeld framfor kommuneplanen.

Vi vise elles til kva vi har skrive om reguleringsplanar og motsegn til manglande planvask i starten av dette dokumentet.

### Oppsummering av motsegn og faglege råd

#### *Generelle motsegn:*

- Manglande planvask
- Manglande kartlegging av fortettingspotensiale i eksisterande næringsområde
- Unntak for plankrav til naustområde
- Manglar ved ROS-analysen

#### *Motsegn til arealendringar*

- B01, testområde fiskefarm
- B02, turist- og reiselivsføremål
- B06, bustad
- B07, bustad-husklynge
- B08, bustad-husklynge
- B10, naust
- B11, naust
- B14, oppretthalde næringsområde
- Innspel nr. 84, gnr. /bnr. 255/306, husklynge
- IM01, næring
- SA02, bustad
- SA03, bustad
- SA04, næring
- SA05, næring
- SA07, tursti
- SA08, naust
- SK01 og SK02, bustad
- SK04, bustad og manglande planvask
- SK05, kombinerte føremål
- SK06 råstoffutvinning
- SK07 og SK08, kombinerte føremål og fritids- og turistføremål
- SK09, næring og manglande planvask
- SK10, akvakultur
- SK13, LNF spreidd næring
- SK14, naust og småbåthamn og manglande planvask
- SK15, naust
- SK19, LNF spreidd bustad
- Innspel 76 og 174, Nygård, manglande planvask
- Frå næring til anna bebyggelse og anlegg, 162/12, Toraneset
- VA03, VA04 og VA05, bustad



- VA06, næring
- VA07, kombinerte føremål
- VA09, naust
- VA11, bustad
- VA12, naust
- Olaugstrand, gnr. /bnr. 138/31, naust
- VB02, kombinerte føremål
- VB03 og VB04, bustad
- VB07, kombinerte føremål
- VB08, kombinerte føremål
- VD02, næring
- VD03, næring
- Ø01 og Ø02, bustad
- Ø03, næring og bustad
- Ø06, bustad
- Ø08, fiskerihamn og næring
- Ø12, kombinerte føremål
- Ø13 og Ø14, naust
- Ø15, bustad-husklyng
- ØV04, naust
- ØV05 og ØV06, næring

*Faglege råd til arealendringar*

- B03, næring
- SA03, bustad
- SK01 og SK02
- Frå næring til anna bebyggelse og anlegg, 162/12, Toraneset
- VD04, næring
- VD06, naust

*Motsegn til føresegns*

- 1.2 Unntak frå plankrav, jf. PBL. § 11-10 nr. 1
- 2.1.3 Fritidsbustad
- 2.3.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område), PBL. § 11-7 nr. 5
- 2.3.2 LNF-sone 1
- 

*Faglege råd til føresegns*

- 1.4.2 Overvatt
- 1.7 Byggjegrenser, utbyggingsvolum og funksjonskrav, jf. PBL. § 11-9 nr. 5
- 1.7.4 Parkering
- 2.1.4 Naust
- 2.1.7 Ølen sentrum, bokstav f
- 2.2.2 Blågrønstruktur
- 2.3.4 LNF-spreidd, næring
- 2.4.2 Bryggjer
- 3.2.5 Omsynssone bevaring av naturmiljø, H560



Vi stiller gjerne til møte for gjennomgang og dialog kring våre motsegn og faglege råd, samt finne løysingar for våre motsegn.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Mattilsynet, Felles postmottak	Postboks 383	2381	Brumunddal
Kystverket	pb. 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 sentrum	5804	Bergen
Avinor AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger